


# SAMNANGER KOMMUNE




Fråarbeidet med hovudvassverket

*ÅRSMELDING 2002*

## Politisk styringssystem i Samnanger



## Administrativ organisasjon



Gjennomgåande representasjon og direkte tilråd ingsrett frå utvala til kommunestyret er berande prinsipp i det politiske styrings systemet.

Dagens ordning vurdert, både om noverande styringssystem skulle halda fram evt. om eit eller fleire av utvala skulle gåog talet på kommune-styrerepresentantar. Det vart samrøystes vedteke å oppretthalda eksisterande ordning.

Det vart og vedteke at Samnanger kommune på nytt skulle gjennomføra val av ordførar ved at veljarane vel han direkte saman med val av kommunestyre. Det vart og vedteke at varaordførar også skulle pådenne måen.

Marit Aksnes Aase (Krf) er som ordførar også leiar av personal- og økonomiutvalet/ administrasjonsutvalet med varaordførar Magda Haugen (bygdalista B) som fungerer i hennar fråvere.

Idar Reistad (B) er leiar av naturutvalet med Øyvind Røen (Sp) som nestleiar. Kristian Jørgensen (Krf) er leiar av utval for oppvekst og omsorg med Eva Hellevang (H) som nestleiar. Jon Magne Bogevik (Frp) er leiar av kontrollutvalet med Odd Lønnebakken (Ap) som nestleiar.

Ada Haugen er leiar i eldrerådet. Sture Tveit som hovudverneombod har vore leiar av arbeidsmiljøutvalet.

Kommunestyret har fylgjande samansetting:

Parti/gruppe	Tal medlemmer	Gruppeleiar
Arbeidarpartiet	7	Bjørg Solvang
Kristeleg folkeparti	5	Kristian Jørgensen
Bygdalista	5	Magda Haugen
Senterpartiet	2	Arne Jørgensen
Framstegspartiet	1	Jon Magne Bogevik
Høgre	1	Eva Hellevang

### Aktiviteten i utvala

Som eit ledd i åspara midlar, er tal møte i utvala redusert. Som tidlegare år har utval for oppvekst og omsorg klart fær e sakar til handsaming enn dei to andre hovudutvala.

I tillegg til arbeidet i hovudutvala er ein del av dei folkevalde og andre politikarar representerte i ei rekkje nemnder som t.d. v eldrerådet, vilt - og innlandsfiskenemnda, overformynderiet og forliksrådet. Fleire er og valde til årepresentera kommunen i styre for interkommunale tiltak som t.d. BIR, PPT og næringslivslag.

### Oversikt over aktiviteten til dei faste utvala og kommunestyret i 1999 - 2002

Utval	2002		2001		2000		1999	
	Møte/saker	Møte/saker	Møte/saker	Møte/saker	Møte/saker	Møte/saker	Møte/saker	
Naturutvalet	7	58	9	62	12	62	7	57
oppvekst omsorg	6	24	9	29	12	41	8	40
Personal / økonomi	11	63	10	84	9	49	12	57
Adm.utval	3	9	3	6	6	10	4	6
Kontrollutvalet			5	34	4	13	6	26
Kommunestyret	6	48	7	61	10	53	8	60

### Større saker som har vore handsama

Naturutvalet har arbeidd mykje med arealplanen som er pårekna åverta l agt ut til off. ettersyn sommaren 2003. Det har og vore ein god del aktivitet knytt rundt arbeidet med reguleringsplan for Ytre Tysse der det i tillegg til den formelle handsaminga har vore sett ned ei rekke arbeidsgrupper der folkevalde har delteke saman med oppsitjarar og andre.

I 2002 vart alle tilhøve knytt til utbygging av bustadfeltet på Lønnebakken avklara, og bygging av dei første husa vil skje i løpet av våen.

Nytt regulativ for fastsetjing av vassavgifter vart vedteke. Omsorgsbustadane vart slutført og alle vart tekne i bruk i løpet av 2002.



### Barne- og ungdomskommunestyret

BUK vart oppretta i 2000 med 9

medlemmar – 3 frå kvar skule. I 2002 hadde dei tre møte. Avsette midlar vart fordelt, der stupebrett i Ospevika fekk den største summen på kr 4.000. Elles har dei kome med innspel til

trafikksikringsplan, til reguleringsplan for Ytre Tysse og gitt uttale til budsjettet for 2003.

## Folketalet i Samnanger

Pr. årsskifte er det 2340 innbyggjarar i Samnanger, ein tilbakegang på 3. Det er den negative flyttebalansen som gjer at me får nedgang i folketalet. Fødselstalet er det høgste på fleire år.

*Oversikt over utviklinga i folketalet i 1996 – 2002*

år	fødde	døde	innflytt	Utflytt	endra	folketal
02	28	22	70	79	- 3	2340
01	25	12	94	67	+ 40	2343
00	22	31	107	67	+ 31	2303
99	22	24	64	102	- 40	2282
98	23	38	94	78	+ 4	2322
97	19	34	66	104	- 53	2318
96	37	27	80	73	+ 17	2371


Korrigerar me for mottak av flyktingar er det om lag like mange som flyttar ut som inn av kommunen i perioden 1996 – 2002.

Det er tre kriteria som vert vurdert som viktige når ein vurderer utviklinga i folketalet i ein kommune. Det er grunn til uro dersom meir enn 16% av befolkninga er over 67 år, at det er kvinneunderskot ( færre enn 92 kvinner pr. 100 menn i aldersgruppa 20 – 39 år) og reduksjon i folketal over ein periode. Samnanger har forbetra posisjonen sin ved at me har ein yngre folkesetnad no enn tidlegare, men elles scorar me dårleg på desse målingane.

Den same statistikken har med ei framskriving av folketalet til 2015. Den viser at Samnanger kommune saman med i hovudsak indre delar av Hordaland vil ha ein nedgang i folketalet. Det er klart at med plasseringa vår i høve til Bergen vil "denne spådomen vera mogleg å gjera til skamme".

Framskrivninga viser og at tal personar over 80 år går ned i heile perioden frå 138 til 90 i 2015. Det same gjer personar frå 67 til 79 år fram til 2015 då det vert ein oppgang slik at me ut frå desse prognosane vil ha like mange personar i denne gruppa som i 2001.

Samnanger kommune - Årsmelding 2002



## Merknader frå kommunekasserar

Samnanger kommune sin **driftsrekneskap** for 2002 er avslutta i balanse etter at me har nytta kr **226.421** av overskotet frå 2001. Før premieavviket for pensjon vart ført hadde me eit **underskot i driftsrekneskapen på 1.097.056**, som reelt sett er det verkelege underskotet.

**Kapitalrekneskapen** er avslutta i balanse, og utgiftene er aktivert i balansen med motpost kapitalkonto. Samla utgifter til investering er kr **12.435.673** eksklusiv renter av etableringslån som no vert ført i kapitalrekneskapen. Dei største investeringane er hovudvassverk, omsorgsbustader og nytt bustadfelt på Lønnebakken. Dei utgjer til saman om lag 98 % av dei samla utgiftene i kapitalrekneskapen.


### Finansiering av investeringar.:

Tilskot	1.673.623
Lånemidlar	9.737.472
Fondsmidlar	406.049
Lån nytt næringsfond	618.529
Totalt	12.435.673

### Lånegjeld


Dersom vi ser bort frå pensjonspliktene og lån til vidare utlån, har lånegjelda siste året auka med **6.077.175**, og er totalt **63.786.013** Utrekna pr. innbyggjar utgjer det **27.224 (2340 innb.)**

Figuren nedanfor viser utvikling av lånegjeld utan pensjonsplikter.



I 2002 vart det betalt **4.712.208** i avdrag på lån. Dette er ein auka frå 2001 på **844.167**. Innfridde etableringslån er betalt attende til Husbanken som ekstra avdrag og som tidlegare nemnd er renter og avdrag på desse låna no ført i kapitalrekneskapen.


Figuren nedanfor viser utgifter til renter og avdrag på opptekne lån for åra 2002 - 2006.



## FOND

Fondsavsetjingane har auka med **2.272.000** og er på alt **10.603.678**. Auken skuldast tilbakeføring av lån i samband med vassverket og omsorgsbustadene.

Figuren nedanfor viser utvikling av fondskapital



Vedhefta rekneskapen ligg meir utfyllande kommentarar frå kommunekasseraren.

## GENERELLE MERKNADER

Sjølv om økonomien vår er svært pressa, kan me også for 2002 leggja fram ein rekneskap i balanse. For at dette skulle verta mogleg har det i løpet av året vore føreteke disposisjonar for å styrkja budsjettet. Alt tidleg på året og først og fremst som fylgje av aukande pensjonsutgifter

vart delar av overskotet frå 2001 teke til inntekt. Det viste seg likevel ikkje naudsynt å nytta heile "tilleggsføringa", slik at det står att vel 500.000 kroner som kommunestyret må fatta vedtak om korleis skal brukast.

Samanliknar me oss med andre kommunar finn me ein del interessante resultat som vil vera vel verdt å gå nærare inn på. Eg vil i det etterfylgjande presentera ein del statistikk som er henta frå KOSTRA. Samnanger kommune er i denne statistikken plassert i gruppe 2. Her finn me kommunar med under 5000 innbyggjarar med middels inntekter og middels utgiftsnivå

### Finansielle nøkkeltal

	Samnanger	Hordaland	Gruppe 2	Landet
Brutto driftsresultat i % av driftsinntekter	3,3	- 2,5	1,0	- 0,1
Netto driftsr. i % av driftsinntekter	0,6	- 0,2	0,0	0,0
Langsiktig gjeld i % av driftsinnt.	142,9	122,4	128,1	141,5
Utgifter rente/ avdrag i % av driftsinnt.	6,4	0,1	4,7	3,2
Netto lånegjeld i kroner pr. innb.	59.085	37.144	50.140	45.232
Frie inntekter i kr pr. innbyggjar	28.291	22.666	28.179	23.486
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	14,7	21,6	23,5	26,1

Tabellen viser at til tross for at me ligg på topp innan lånegjeld både mått i høve til driftsinntekter og i høve til tal innbyggjarar, klarar me å leggja fram eit godt driftsresultat. Dei minste kommunane har meir frie midlar mått i kroner pr. innbyggjar, men dette kjem vel med sidan kostnaden til ein del tiltak er høgare i mindre kommunar.

Auka pensjonsutgifter skapte dei største økonomiske problema for kommunane i 2002. Det gjorde at Stortinget vedtok at pensjonsutgifter utover "normal" kostnad ikkje skal førast i rekneskapen det året dei vert betalt (2002), men dei skal anten fordelast over 15 år eller dekkjast inn i 2003. Samnanger har vald å ta denne kostnaden inn i 2003, og han er her dekkja inn ved bruk av overskotet for 2001.

Skatteinngangen var svært god i 2002. For Samnanger førte det til ein auke i skatt på eig og inntekt på vel 12 % samanlikna med året før. Landsgjennomsnittet auka noko mindre, det inneber ei viss inndraging av midlar på

rammetilskotet. Samla for desse to inntektskjeldene bokførte me ein inntektsauke på vel 1 mill. kroner i høve til opphavleg budsjett.

*Oversikt over rammetilskot og skatt 1997-2002 ( i 1.000 kr)*

	1997	1998	1999	2000	2001	2002
Skatt	28.825	28.960	32.768	32.149	33.408	36.946
Rammetilskot	22.101	27.428	28.308	26.319	28.094	29.253

Rammetilskot og andre statlege tilskot utgjør ein større del av inntektene til dei minste kommunane. For kommunar under 3.000 innbyggjarar er det t.d. lagt inn eit ekstra tilskot, noko som påverkar denne fordelingar.

*%-vis fordeling av brutto driftsinntekter*

	Samnanger	Hordaland	Gruppe 2	Landet
Skatt på eiga/ inntekt	36,7	42,0	31,5	40,5
Rammetilskot	29,0	19,3	31,1	22,2
Andre statlege tilskot	4,5	4,0	3,7	4,4
Eigedomsskatt	4,1	3,0	1,3	1,8
Konsesjonskraft	0,6	0,0	0,2	0,1
Sals- og leigeinntekter	12,0	15,0	15,2	15,8
Andre driftsinntekter	13,1	16,6	17,0	15,2

Det bør og nemnast at inntektene knytt til kraftutbygging gjev oss ein litt betre økonomisk situasjon enn kva me elles ville ha vore i. Her vil eg særleg vise til at eigedomsskatteinntektene våre utgjør ein større del av driftsinntektene samanlikna med andre kommunar, og at det er bedrifter knytt til kraftproduksjon som bidrar med mest heile denne summen.

*%-vis fordeling av brutto driftsutgifter på dei ulike tenestene målt i høve til totale brutto driftsutgifter*


	Samnan	Hordaland	Gruppe 2	Landet
Adm.styring og fellesutg.	8,1	7,5	11,1	9,2
Barnehage	5,5	7,2	6,5	7,2
Grunnskule	26,6	24,2	22,9	24,6
Kommunehelse	5,7	3,9	5,4	4,8
Pleie og omsorg	26,9	26,0	27,8	26,8
Sosialtenesta	3,8	5,6	2,8	4,8
Barnevern	2,1	2,7	1,2	2,3
VVA, renovasjon	4,9	5,2	4,8	5,3
Fys.planl/kult.minne/natur/Nærmiljø	2,3	1,6	1,2	1,5
Kultur	1,5	3,7	2,7	3,3
Kyrkja	1,7	1,0	1,2	1,1
Samferdsle	1,9	1,6	1,7	1,9
Bustad	2,0	1,9	2,0	1,8
Næring	1,1	0,8	2,8	1,1
Brann ogulukkesvern	1,5	1,6	1,3	1,4

Me har vald å nytta ein oversikt over brutto driftsutgifter. Me finn om lag dei same resultatane om me t.d. nytta netttotal. Tabellen gir oss informasjon om korleis Samnanger prioriterar ressursane i høve til dei andre kommunane. Samanlikninga viser at Samnanger brukar meir ressursar på skule, sosial og barnevern, og ein del mindre på barnehage, kultur og administrasjon enn gjennomsnittet for gruppe 2. Når det gjeld dei andre gruppene i tabellen, er bilete meir variert.

**Løns- og pensjonsutgifter**

Lønsutgifter er lang t den største utgiftstypen i offentleg sektor. Av figuren er lønsutgiftene delt opp i løn og i sosiale utgifter som inkluderer pensjon og arbeidsgjevaravgift. Til saman utgjør dei snart 3/4 delar av driftsutgiftene. I tillegg finn me lønsutgifter og i kategorien kjøp av varer og tenester. Utgiftene til andre driftsutgifter gjekk ned med 1 mill. kroner frå 2001.

**driftsutgifter fordelt etter typer**



Når lønsutgiftene utgjør ein så stor del driftsutgiftene, vil utfallet av lønsoppgjøret ha innverknad på netto driftsresultat. Mange arbeidstakarar fekk gode lønstillegg i 2002. Vel så problematisk som sjøve lønsauken, var dei påfylgjande meirutgifter til pensjon. Store delar av lønsauken i 2002 vart gitt som tillegg seint på året, noko som gjer at me først ser verknaden i 2003. Dette er det teke omsyn til ved budsjettoppstillinga for 2003.

*Oversikt over lønsutgiftene inkl. sosiale utgifter korrigert for refusjon frå trygdeforvaltning 1997 – 2002 (i 1.000 kr)*

	1997	1998	1999	2000	2001	2002
lønsutgifter	41.931	46.179	49.768	55.558	61.091	68.681
sjukepengar	1.839	2.133	2.719	2.647	2.334	4.022
% auke	1.6%	9.0%	6.8%	12.5%	11.1%	10.0%

Som kjend skifta Samnanger **pensjonsselskap** frå 01.01.01 frå KLP til Vital for alle på kommunalt avtaleverk med unnatak av sjukepleiarar. Utrekningar viser at me i 2001 sparde vel 700.000 kroner på å skifta pensjonsleverandør.

### Budsjettstyring

Rekneskapen viser at einingane stort sett har halde ein god budsjett disiplin. Det har vore føreteke ein del korrigeringar/tilleggsføringar i løpet av året. Ein del av desse er knytt til kompensasjon for auka lønsutgifter som fylgje av lønstestingane. Som kjend vert midlar til dette budsjettert på felles konto, og fordelt når desse utgiftene er kjende. Andre skuldast underbudsjettering (vikarløn sjukeheimen) eller uføresette hendingar (maskinhavari).

*Tilhøve mellom budsjett, revidert budsjett og rekneskap på dei einskilde h.kapitla. Netto driftsutgift (i 1.000 kr)*

Eining , m.m	Budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap
Sentrale styringsorg. mm	8016	7562	7201
Pleie/ omsorg	19267	21862	21474
Sosial	3839	4197	4094
Helse	3581	4271	4094
Kultur	1177	1259	1233
Teknisk	11663	12132	12522
Gjerde skule/ barnehage	6403	6772	7064
Nordbygda skule/barnehage	4325	4758	4963
Ungdomsskulen	7728	7856	7875


Det vil vera ulike grunnar til at her i varierende grad er avvik mellom revidert budsjett og rekneskapen. Utover i meldinga vil dette verta teke opp.

### Løn og personal

I Samnanger kommune er det tilsett om lag 215 personar delt på ca. 140 årsverk. I det alt Samnanger kommune - Årsmelding 2002

vesentlege har kommunen ein svært stabil arbeidsstokk. Talet på saker i tilsettingsutvalet tyder på at det var mindre gjennomtrekk av tilsette i 2002 enn i åra før. Rekrutteringssituasjonen for kommunen var forholdsvis god for dei fleste stillingsgrupper. Det kan spesielt nemnast at tilgangen på sjukepleiarar er langt betre enn tidlegare.

**Tilsettingsutvalet**, som er eit organ sett saman av to representantar frå dei tilsette og to frå arbeidsgjevar, handsama 21 saker i 2002, inkludert saker om langvarige vikariat og utviding av stillingar. Dette er ein reduksjon i forhold til 2001. I tillegg til saker som vart handsama av tilsettingsutvalet, vart det gjort administrativ tilsetjing i mange kortare vikariat.



### Sjukefråvår

Statistikken over sjukefråvår er som anna statistikk, den må lesast med varsemd. Statistikken gjev likevel ein peikepinn som er viktig i HMT-samanheng. Tabellen under viser gjennomsnittet for heile organisasjonen.

*Oversikt over sjukefråværet 1997 - 2002*

1997	1998	1999	2000	2001	2002
6.6	7.1	6.9	6.2	6.1	8.1

Den store auken frå 2001 til 2002 gjeld legemeldt sjukefråvår, og det er først og fremst langtidssjukefråværet som har auka. Auken i sjukefråvår gir grunn til bekymring. Arbeidet med å finne årsaker til og førebyggja sjukefråvår bør prioriterast høgt i 2003. Det har vore sett ned ei arbeidsgruppe ved Samnangerheimen med siktemål å finne årsak til og fremma framlegg om tiltak for å redusera sjukefråværet. Av ulike grunnar har dette arbeidet ikkje i tilstrekkeleg grad vore prioritert.

### Kompetansehevande tiltak

Kommunen har hatt deltakarar på diverse kurs/opplæringstiltak i 2002. Opplæringa er gjennomført både som intern og ekstern opplæring. Løvingane til opplæring var mindre i 2002 enn i 2001, noko som også reduserte omfanget av kva opplæringstiltak som kunne

gjennomført. Det var derfor nødvendig med ei streng prioritering på dette området i 2002.

**Stipend** vert gitt til tilsette som på fritida tek ei tilleggstudning som er til nytte for dei sjøve og for stillingane deira i kommunen. Løyvingane til stipend var reduserte i 2002 i forhold til 2001.

5 tilsette søkte om stipend i 2002. Til saman fekk desse utbetalt om lag 5.000 kroner i stipend.

### **Lønsoppgjeret og andre forhandlingar i 2002**

Det vart gjort store endringar i den kommunale hovudtariffavtalen som vart inngått 01.05.2002 i forhold til tidlegare avtale. Mellom anna er lønssystemet lagt opp på ein heilt annan måte enn tidlegare, med mindre grad av sentral regulering for mange stillingsgrupper.

### **Lokale forhandlingar på kommunalt tariffområde**

#### 4.3.1-forhandlingar

Samnanger kommune hadde i 2002 ein pott på 111.000 kroner i dei lokale lønsforhandlingane for tilsette som er løna etter kapittel 4 i den kommunale hovudtariffavtalen. I forhandlingane vart det semje mellom arbeidsgjevar og alle dei 7 lokale fagforeiningane det vart forhandla med.

#### 5.2-forhandlingar

Det vart forhandla med 4 fagforeiningar som organiserer tilsette som er løna etter kapittel 5 i den kommunale hovudtariffavtalen. Det er ikkje nokon pott for desse forhandlingane. Det vart semje i forhandlingane med alle fagforeiningane.

### **Førebauende forhandlingar for undervisningspersonalet (statleg tariffområde)**

Samnanger kommune hadde i 2002 ein pott på 258.000 kroner. Det vart semje i forhandlingane mellom arbeidsgjevar og begge dei lokale fagforeiningane for undervisningspersonalet.

### **Leiarløner**

Personal og økonomiutvalet vedtok 09.09.02 ny løn til administrasjonssjef og ass. Administrasjonssjef.

### **Sommarjobb for ungdom**

12 lokale ungdomar i alderen 16 - 18 år hadde sommarjobb i kommunen i 2002. Kvar av ungdomane arbeidde 2 veker. Kostnaden ved dette var om lag 60.000 kroner.

**Personalvedtektene** til kommunen vart revidert av kommunestyret i 2002.

**AMU(Arbeidsmiljøutvalet)** er eit partsamansatt utval der arbeidstakarar og arbeidsgjevarar er likt representert.

Arbeidstakarane hadde leiarvervet i heile 2002. AMU hadde fire møte i 2002.

### **Internkontrollsystemet (IK-systemet)**

Fleire av kapitla i IK-handboka vart revidert i 2002. Det vart også utarbeidd eit nytt kapittel i handboka, om risikovurdering.

### **Bruk av velferdsmidlar**


Det var opprinneleg ikkje sett av velferdsmidlar på budsjettet for 2002. Kommunestyret løyvde kr. 10.000 til fellesarrangement for alle tilsette i kommunen. Arrangementet vart ikkje gjennomført i 2002, og midlane vart overført til 2003.



## Merknader til dei einkilde einingane sine ansvarsområde

---

Det er i hovudsak einingsleiarane som har utarbeidd meldingane frå sine ansvarsområde. I tillegg er det frå administrasjonssjefen teke med ein del statistikk som viser samanlikningar med andre kommunar.



## Sentrale styringsorgan og fellesutgifter

Funksjonane frå 1.100 til 1.140 er knytt til politisk verksemd og til sentraladministrasjonen. Elles er ei rekkje utgifter som er felles for heile kommunen før t her. Som døme kan nemnast ulike kontingentar, utgifter til revisjon og forsikring av personale.



Sakshandsaming og møteverksemd tek mykje av tida til dei tilsette i kommuneadministra-

sjonen særleg for leiargruppa. Me har prioritert å halda relativ kort sakshandsamingstid på kurante saker. Det gjer gjerne at større utgreiingssaker og då særleg plansaker vert liggjande. Det er ei prioritering som må vurderast.

Adm.sjef og ass. Adm.sjef har prioritert møta med dei einskilde einingsleiarane. Me har erfart at det er viktig å vera tilgjengelege for dei. Møta i leiarforumet (alle einingsleiarane saman med leiargruppa) ser me som svært vesentlege for å få utvikla eit felles leiarskap. Frå 2003 vert desse gjennomført kvar månad.

Også i 2002 var det vakansar pga. sjukdom som medførte omrokkingar "på huset". Sidan personalet har vore viljuge til å auka opp stillingane sine mellombels, har dette ikkje skapt problem. Personalet på kommunekassa og på løns- og personalkontoret har vore mykje nytta som konsulentar av einingsleiarane. Dette har vore forsterka i 2002 særleg fordi bemanninga på kommunekassa er styrkja. Ledige lønsmidlar som fylgje av sjukdom i administrasjonssjefen sin stab vart nytta til å styrkja IKT-funksjonen i hausthalvåret.

Arbeidet med **forlikrådet** vert utført av konsulent i adm.sjefen sin stab. Utviklinga i saksmengde har i vår kommune viser same tendensen som i dei fleste andre

kommunar. Tal saker pr. år har auka mykje dei to siste åra. Frå 27 saker i 1999 og 34 saker i 2000 til 55 saker i 2001 og 57 saker i 2002.

Den store auken i saksmengda har ført til fleire/lengre møter, større kompleksitet og meir tidsforbruk i sekretariatsfunksjonen som ligg i sentraladministrasjonen. Det må vurderast om det bør tilførast meir ressursar.

### Brutto driftsutgifter folkevalde og sentraladministrasjonen 1998 – 02 (1.000 kr)

	1998	1999	2000	2001	2002
Politisk arb.	814	851	922	850	824
tilskot parti	40	34	45	48	49
Val	0	50	0	22	0
Revisjon	223	237	240	294	294
BUK					7
adm.sjefen	1217	1376	1253	1315	1264*
løn/personal	631	630	739	794	826
kom.kassa	574	566	615	746	791
Pedagogisk teneste				335	418
Reinhald kom.hus	625	526	493	172	181
Fellestenesta	1444	1551	1591	1147	1158
div. fellesutg.				773	596
felles IT	608	728	1099	1214	1189

\* korrigerert for innkomne sjukepengar

Pga. omlegging i kontoplanen i 2000 er det ikkje alle funksjonane som kan samanliknast i heile perioden. .

Kommunen er medlem i fleire organisasjonar. Utgiftene til desse, hovudsakleg medlemskontingent er ført under dette kapitlet. Av desse kan nemnast KS, regionrådet for Bergen og Omland, Bjømfjorden næringsutvikling, interkommunalt arkiv Hordaland og innkjøpssamarbeid med Bergen.

Samnanger kommune står **næringlivet** direkte gjennom tilskot frå kommunalt Næringsfond og får fond oppretta med midlar som er gitt som kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift. Desse siste midlane har Samnanger næringsforum fått fullmakt til å disponera.

5 bedrifter har fått til saman 183.000 i tilskot av kompensasjonsfondet. Det vart tilført kr 255.000 i 2002. I tillegg har

kommunen fått kr 100.000 til planering i industriområdet på Rolvsvåg, og det er ytt 100.000 kroner i tillegg til 1.5 mill. kroner til opprusting av fylkesvegen Hisdal – Rolvsvåg.

Av det kommunale næring sfondet vart det gitt direkte tilskot til 3 bedrifter med til saman kr 76.000.



## Integrering av flyktningar

Me har no 3 afghanske familiar i Samnanger, 15 personar til saman. Ein familie flytta frå oss i februar 2002, og ein ny familie flytta hit frå Kabelvåg i mars. Dei var asylsøkare då dei kom til Norge, og budde 2 år på asylmottak før dei kom hit.

Alle skuleborna som får undervisning i Samnanger får morsmålsundervisning. Ein av flyktningane er morsmåls lærar.

Mesteparten av norskundervisninga går føre seg i kommunen, men me nyttar oss og av tilbodet ved Nygård skule.


Ein mann tek vidaregåande skule for vaksne på Katedralskulen, over 2 år.

Norskundervisninga i Samnanger er kombinert med tilbod om arbeid. Eit tilbod me gjer dei i samarbeid med Aetat. Dette er i tråd med eit stortingsvedtak om at alle kommunar skal gje flyktningane introduksjonstilbod, som bl.a. inneber eit heildagstilbod.

Samnanger kommune mottok i statstilskot kr 1.7662.500 til integrering av flyktningar. Utgiftene til dette arbeidet er ført i kommunerekneskapen på ansvarsområde 1.104.

Oversikt over utgiftene til integrering av afghanske flyktningar som skal finansierast over statstilskotet (1000kr)

funksjon	Tekst	sum
2014	Barnehage	60
2024	Opplæring skule	82
2153	Skulefritidsordning	101
2420	Flyktningkonsulent	391
2655	Utleigebustader	150
2810	Sosialhjelp	578
1.104	Samla	1.363



## BARN OG UNGE

Innanfor tenesteområdet barn og unge visast kommunen sin prioritering og satsing på barnehage, grunnskule, barnevern og kultur. Kvar eining omtaler i meir detalj eininga sitt forbruk og satsingsområde. Samnanger kommune driv to barnehagar, to barneskular og ein ungdomsskule, samt vaksenopplæring, pedagogisk teneste og barnevernteneste. Innanfor kultur vert det gjeve tilbod i musikk- og kulturskule, folkebibliotek og forvalta ei rekkje tilskotsordningar til lag og organisasjonar.


### Ansvar

Assisterande administrasjonssjef har hovudansvar for desse tenesteområda, samt sosialtenesta, fellestenesta og IKT. Pedagogisk teneste består av pedagogisk konsulent og barnehagekonsulent. Desse er fagleg ansvarleg innanfor skulane og barnehagane sitt pedagogisk saksområde på kommunenivået. I einingane er rektor øvste leiar for både skule og barnehage. Kulturkonsulent er hovudansvarleg for eininga som dekkjer både folkebibliotek og kulturskulen. Sosialeiar er leiar for sosial og barneverntenesta.

## Andel barn og unge

Barn og unge utgjør 33% av befolkninga i kommunen, som er ein liten nedgang frå førre året. Figuren nedanfor visar kor stor andel av befolkninga som er mellom 0-24 år fordelt på ulike aldersgrupper. Elevane i grunnskulen, 1-10 klasse, utgjør 13,8 % av

Andel barn og unge 0-24 år



befolkninga i Samnanger kommune. Medan ei endå større gruppe er 16 -24 åringane. I høve til fylket og landsgjennomsnittet har Samnanger ein mindre andel av 0-15 åringar i befolkninga. Medan det er ein litt større andel 16-24 åringar. Dersom kommunen skal oppretthalde barnetalet må det skje ein oppgang i fødselstalet og auka tilflytting av barnefamiljar.

## Ressursar på barn og unge

I SSB sine kostratal, som er rekneskapstale til alle kommunane i landet, er det laga samanlikningsstatistikk mellom Samnanger, Hordaland, landsgjennomsnittet ekskl. Oslo og ei gruppe kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. I denne gruppa på 50 kommunar ligg blant anna både Fusa og Vaksdal kommune, og økonomi og storleik er felleskriteria.


Nettodriftsutgifter pr innbyggjar speglar att kommunen sin prioriteringar innanfor ulike tenesteområde. Saman med dekningsgraden av tenesta kan me sjå kor mange av innbyggerane kommunen sine

prioriteringane kjem til gode og kostnaden pr. brukar. I figuren nedanfor er det ei kostra samanlikning over netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år til barnehage, 6-15 år i grunnskule og 0-17 år til barnevern. Barnehagane har tatt opp maksimalt med barn, og det er ein svært høg logistikk på ledige plassar.

Barnehagetenesta i kommunen sine nettoutgifter ligg difor på kr. 9.377 pr barn i alderen 1-5 år, som er godt under både gjennomsnittet i Hordaland, landet og kommunegruppa. Utgifter til renter og avdrag på husa kjem ikkje fram her, medan td. husleige ville ha kome fram som utgift om ein hadde hatt dette.

Grunnskulane i kommunen (inkl. skuleskyss og kulturskulen) er den største sektoren i kommunen. Den utgjør 33% av samla utgiftene og er høgt prioritert til samanlikning med andre kommunar, jfr. figuren. Om lag kr. 72.500 vert nytta til pr. barn frå 6-15 år. Forbruk av skuleskyss er på nivå med andre kommunar i gruppe 2.

Netto driftsutg. pr. innbyggjar 0-24 år



Utgifter til barneverntiltak utgjør om lag 3% av totalutgiftene til kommunen. Fordelt på alle barn i alderen 0-17 år, utgjør det kr. 3.700. pr barn. Det er om lag på nivå med Hordaland, men over både landsnivået og særskilt kommunar vi vert samanlikna med. Meste parten av utgiftene er knytt til ein høg andel barn busett utanfor sin opphavlege familie.

## SKULE OG BARNEHAGE – God barnehagedekning og ressursar til skulane.

Brutto driftsutgiftene til skulane og barnehagane har auka med om lag 2 millionar til 29 samanlikna med tidlegare år. Korrigert rekneskap visar eit overforbruk på ca 3%, og utgjer om lag kr. 700.000. 43% av overskridingane er eit meirforbruk i Gjerde eining og 29% i Nordbygda eining. Overforbruket skuldast lønsoppgjjer og mindre statstilskot til opplæring og barnehagar enn forventa. Barnehagereforma førte til auke statsstønad og dermed "frysing" av foreldrebetalinga

### Driftsutgifter pr. elev/barn i skule, SFO, og musikkskule:

Årstimetallet i grunnskulen er talet på timar til undervisning til kvar klasse, timar til deling, spesialundervisning og andre timar. Klassetalet er redusert frå 18 til 16 klassar dette året. Talet elevar pr. klasse ligg rundt landsgjennomsnittet med ca 20 elevar pr. klasse i barneskulen. Elevtalet pr. klasse i ungdomsskulen har auka frå 17 til 21, medan gjennomsnittet for Hordaland er 24 elevar pr. klasse. Mesteparten av utgiftene er knytt til løn, medan skulane har om lag same forbruksnivå på inventar og utstyr .


#### Oversikt over tal elevar, tal klassar og totalt årstimar

Skuleår	99/00	00/01	01/02	02/03
tal elevar	313	310	323	318
tal klassar	17	16	18	16
årstimar.	30.436	30.973	34.161	33.905

I høve til landsgjennomsnittet som vist ovanfor er ressurstilgangen når det gjeld årsverk pr. klasse god, og særskilt på ungdomssteget. Ungdomsskulen har gjennomført overgangen frå spesial - undervisning til meir tilpassa undervisning.

Nedan for visast utgifter pr. elev/barn fordelt på skule, sfo, musikk og

kulturskulen. Gjennomsnittleg driftsutgifter pr. elev på landsnivå er ca kr.58.000, medan Samnanger brukar rundt kr. 70.000 pr. elev, kor 83% er lønsutgifter, 3% er undervisningsmateriell og 1% utgifter til inventar og utstyr.



Dei høge lønsutgiftene skuldast høgare tildeling av årstimar til skulane utover det som er minstekravet. Ein fådelt skule, som Nordbygda vil ha eit høgare minstet imetal pr. klasse enn ein fulldelt skule som Gjerde. Eit anna avgjerande moment er tildeling av timar til deling av klassene og spesialundervisning. Driftsutgifter i samband med undervisning til flyktningar i grunnskulen er utgiftsført under flyktning tenesta.

Eit godt lønsoppgjjer i 2002 for assistentane førte til ei vesentleg utgiftsauke til sfo - ordninga. Ordninga i kommune kostar ca kr. 23.000 pr brukar.

I Samnanger nyttar 22% av elevane i grunnskulealder seg av musikk og kulturskulen sitt tilbodet. Bruttokostnaden pr. elev for dette tilbodet ligg på om lag kr. 9.000 pr. elev, som er ganske likt med andre kommunar sine utgifter.

## Dekningsgrad i SFO, barnehage og musikk og kulturskolen


SFO - skulefritidsordninga vert nytta av elevar i frp 1-4 klasse. Det har vore litt færre brukarar i 2002 i høve til førre året.

Samanlikna med andre kommunar er det vesentleg færre sfo - brukarar i Samnanger.

Berre 29% av alle 6-9 åringane nyttar sfo tilbodet, og berre litt over ¼ brukar heiltidtilbodet påmeir enn 15 timar veka.

Landsgjennomsnittet har nærare 75% av brukarane i heiltidtilbod. Medan i Samnanger har mest, 40%, av sfo-brukarane eit korttidstilbod på mindre enn 6 timar. Dette har vist seg å vere eit dyrt tilbod for kommunen sidan eit sålagt timetal ikkje utløyser statstilskot og foreldrebetalinga utgjer berre 30% av finansieringa. Noko som er svært lågt samanlikna med landsgjennomsnittet der denne utgjer 60% og samanlikningskommunane 47%.


### Andel innb 6-9 år i kommunal sfo



71,5% av alle barn i frå 1 - 5 år har eit **barnehagetilbod**. 40% av barna brukar eit heiltidstilbod påmeir enn 32 timar veka, medan 60 % har eit korttidstilbod dvs.1-3 dagarstilbod. I figuren nedanfor viser oversikt over andel barn med barnehageplass i aldersgruppa 1-2 år og 3-5 år i år 2001 og 2002.

Samanlikna med andre kommunar har Samnanger ein høg dekningsgrad for begge aldersgruppene.

### Andel innb. 1-5 år med barnehageplass



Dette kan ha samanheng med den store andel barn 1-5 år som delar plass. 33% av barnahagetilbodet vert dekkja av ein privat gards og friluftsbarenhage, med kommunalt driftstilskot. I tillegg, utanom det ordinære tilbodet nyttar 11,4% av barna seg av open barnehage, noko som er langt mindre vanleg i andre kommunane.

Aukande søknad om fulltidsplassar i 2002 og 2003 samt reduksjon i foreldrebetalinga kan redusere den relativt gode barnehagedekninga kommunen har hatt inntil no. Dersom kommunen skal nå måtet om full barnehagedekning må det etablerast fleire plassar allereie i 2003.


### Tilsette og årsverk

I både skulane, SFO og i barnehagane det godt kvalifisert personell med godkjent utdanning. Nærast samtleig av det samla pedagogiske personale i grunnskulen og i barnehagen har godkjent utdanning. Det er ein stor andel kvinner i vaksen alder. Behovet for å få rekrutterte unge menn vert difor viktig for å få ein betre tilbod til brukarane. Innan alle tenestemråda og på alle nivå har dei tilsette kjensla av at dei må "springe fortare" for kvart år som går. Mengda oppgåver og tida til å utføre dei har forte knappare for kvart år. Barnehagane fekk auka opp sin administrasjonsressurs og har no pedagogiske leiarar på alle avdelingar.

## Tilpassa undervisning og spesialundervisning

Vedtak om spesialundervisning i **grunnskulen** etter Opplæringslova §5 -1 vert gjort for eitt år om gongen. Elevar med spesialundervisning skal ha ein individuell opplæringsplan (IOP) for den delen av undervisninga der dei vert fritekne frå den vanlege læreplanen i faga. Skulen saman med PPT skal prøva å tilpassa undervisninga i klassen til den enkelte eleven. Timane er lagt ut på den einskilde skulen og ressursinnsatsen viser i dei samla årtimetalet på kvar skule (timar utover minstetimetallet). Samanlikna med mange andre kommunar brukar Samnanger framleis stor del av det samla timetalet til spesialundervisning og delingstimar, jfr figur nedanfor.

### Delingstimar og spes.ped undervisning



Prosentdelen for alle kommunane har gått noko opp siste året. I 2002 har det vore arbeid med ein tildelingsmodell for tildeling av timar til spesialundervisning og tilpassa undervisning/delingstimar. Skulane skal arbeide med å leggje om til meir tilpassa undervisning i framtida. PPT har hatt opplæring og skuleleiarane har vore på kurs for å lære meir om emnet. Korleis skulen har høve til å organisere undervisninga vert viktig for å nytte ressursane mest effektivt. På småskular må me difor godta at få elevar med omfattande behov for timar gjer store utslag.

Det vert og gjeve spesialpedagogisk hjelp for **barn i førskulealder** etter § 5-7 i opplæringslova. I 2002 fekk 1 barn slik hjelp og det vart tildelt 114 årstimar. Dessutan fekk eitt barn tildelt 570 årstimar til assistenthjelp.

## Vaksenopplæring

Dei som er over opplæringspliktig alder og som treng grunnskuleopplæring, har lovfesta rett til slik opplæring etter §4A -1 i Opplæringslova. Svært ofte er det språkopplæring som er nødvendig. Denne opplæringa vert gitt av logoped og me har i haust dobla timetalet til slik undervisning og sett av vel 8 timar i veka. Talet på elevar kan variera i løpet av året. Hausten 2002 var det 4 personar som fekk slik undervisning.

## Undervisning i framandspråk. Skuleelevar

I Samnanger har vi i 2002 hatt 6 elevar som har fått morsmålsundervisning og særskild norskopplæring. Det har vore to språk: thai og dari. Undervisninga i thai har føregått på Gjerde skule, undervisninga i dari på Samnanger ungdomsskule.

## Framandspråklege vaksne

Me har 11 vaksne damer som får opplæring i norsk for framandspråklege. Fem av kvinnene er frå Thailand, to frå Bosnia og tre nyleg kome frå Afghanistan. Det er svært ulikt nivå i gruppa, alt frå analfabetisme til avsluttande språkprøve. Av ulike grunner har nokre gjort liten framgang, medan andre har hatt stor progresjon og berre ein modul att før språkprøva. Tre lærarar har vore knytt til opplæringa av framandspråklege innvandrarar, i tillegg til at me har fått *mykje god* hjelp frå flyktningkonsulenten. Stillingsstorleiken for norskundervisning for vaksne framandspråklege har lege rundt 70%. I

tillegg har ein flyktning fått grunnskule - opplæring i engelsk to gonger for veka.

### Kompetanseoppbygging

Samnanger kommune er med i regionsamarbeidet: - Midthordland skule- og barnehageregion, ilag med Vaksdal, Fusa, Os, Tysnes og Austevoll kommune. Hovudoppgåva til regionen er å gje tilbod om felles leiaropplæring og kurs for pedagogisk personale, i skule og barnehage (Jf årsplan og årsmelding for regionen).

Skulane har gjort desse prioriteringane for kompetanseheving i 2002:

Nordbygda skule: IKT (Lærerikt)

Gjerde skule: Lese-og skrivevanskar

Samn. Ungd.skule: IKT (Lærerikt)

Alle skulane har arbeidd med **kompetanseutvikling gjennom permisjonar og hospitering:**

Samnanger ungdomsskule har vore på tur til Danmark for heile personalet.

Barneskulane har venskapsskule i Kenya. Gjerde og Nordbygda skule har arbeidd med "steg for steg" for å heva den sosiale kompetansen på skulane. Samnanger ungdomsskule hadde ein kursdag med Omar Mekki for å lære om problemåferd. Positivt skulemiljø har vore eit prioritert satsingsområde og skulane saman med musikkskulen har også i 2002 hatt deltakarar på "opplevelses - seminar".

### IKT i skulen

Trass i reduserte løyvingar har det skjedd ei positiv utvikling på IKT feltet. For det første er kompetansen blant lærarane høgare enn før, og dei fleste er personlege IKT- brukarar som brukar IKT til førebuingarbeid og undervisning. I 2002 kom Nordbygda skule og Samnanger ungdomsskule i gang med etterutdanning i IKT, med kurset LÆRERIKT.

For det andre har me fått ny læreplan som føreset bruk av IKT i undervisninga. For det tredje har det skjedd ei viss fornying av maskinparken og skulane har fleire


maskiner av brukbar standard enn dei har hatt nokon gong før. Alle tre skulane har tilknytning til internett!

Delar av maskinparken begynner å bli gammal, og utgiftene til vedlikehald har stege mykje. Det vil difor gå endå fleire midlar med i dei næraste åra til vedlikehald av maskinene.

Det har er tilsett ein kommunal IKT – rettleiar og ein IKT -ansvarlege på kvar av skulane. Berre Gjerde skule har utarbeidd eigen lokal IKT –plan. I slutten av 2002 vart det starta opp eit arbeid med ein felles IKT-plan for heile kommune. IKT-ansvarleg for skulane er med i dette arbeidet, og arbeidet med å sjå på ulike breibandsløyser. Plan skal vere ferdig i løpet av vårhavåret i 2003. Gjerde skule og Samnanger ungdomsskule er på nettet med eigne heimesider.

Samnanger ungdomsskule har samla omlag 15 datamaskiner i ein maskinpark på datarommet/biblioteket. desse er knytt til internett og i eige nettverk.


### Datamaskiner knytt til internett maskiner plasserte i klasserom



### Brukarundersøking

Det vart gjennomført brukarundersøking i skulane og barnehagane. Resultata er gode, men både elevar og foreldra ønskjer meir brukarmedverknad og informasjon, samt betre fysisk skulemiljø på ungdomsskulen. Det førekjem mobbing, som no skulane skal arbeidar for å handtere betre.





## Gjerde skule og barnehage

Gjerde skule og barnehage, er ein fulldelt barneskule med 7 klassar

hausten 2002. Elevtalet er 136 og 65 elevar har busstransport. Skulefritidsordninga held til i lokale til 1.klasse/førskule. Frå 43 barn nytta skulefritidsordninga i hausthalvåret.

Gjerde barnehage: Barnehagen er ein einavdelingsbarnehage med 20 plassar.

### **Rekneskap og budsjett for eininga**

Samla sett er det eit underskot på om lag 215 000. Mesteparten av dette skuldast eit godt lønsoppgjer for kommunalt tilsette og skulepakke 2 for det pedagogiske personalet. Det vart og budsjettert feil med omsyn til statstilskot i barnehagen. Me har ikkje sett inn vikar i om lag 200 timar førre året. Det utgjer om lag kr.40.000. Innsparingane har vore ein belastning for personalet.

Nedgong i timetal skuldast ein 7 klasse frå hausten 2002. I førsteklasse er det 2 pedagogar då dei er 24 elevar. Sjukefråværet ved skulen er aukande. Presset på å vera meir effektiv både frå kommunalt og statleg hald, kan ha innverknad.

### **Gjerde skule sine mål**

*Måla i opplæringslova avspeglar skulen sine mål og satsingsområde for 2002:*

1. *Samtak, avsluttande arbeid med dette temaet ein tilpassa skule.*
2. *IKT plan for skulen*
3. *Internasjonalisering med vekt på vennskapsskulen i Kenya og samarbeidsavtale med Fredskorpset.*

### **Måloppnåing**

Kvart halvår vert det utarbeidd halvårsplanar for skulen. Desse

konkretiserer verksemdsplanen og mål i L 97. Desse har så vorte evaluerte når halvåret er omme. Her har me hatt stor grad av måloppnåing. Det viser seg at det faglege presset er større i L 97 enn tidlegare. Undervisningsmålane/arbeidsmålane er endra og krev stor innsats frå personalet.

IKT planen er utarbeidd i samråd med L-97 og lærarane.

Internasjonalisering i undervisninga med utgangspunkt i vennskapsskulen vår i Kenya. I vår besøkte rektor vennskapsskulen i Kenya saman med 3 andre frå kommunen. Eit forprosjekt i Fredskorpset gjorde dette mogeleg. I mai hadde me besøk frå vennskapsskulen i Kenya. Denne hausten og gjennomførte me i samarbeid med FAU ein flott kulturkveld med vekt på at me har barn frå 11 ulike nasjonar ved skulen.

Like før nyttår var det klart at alle skulane i kommunen er med i eit samarbeidsprosjekt med Fredskorpset. Dette inneber ein del ekstraressursar for kommunen både i kroner og øre og i ekstra personell.

Kulturkvelden var særskilt vellukka og det var over 300 gjestar. Me ser at det vert stadig viktigare å fokusera på toleranse og venskap nasjonar i mellom både med tanke på verdssituasjonen og flyktingane som er komne til bygda.

Elevrådet starta opp då skulen var ny. I fjor arrangerte dei 6 elevkveldar. Overskotet av dette har gått til utstyr som elvane treng til drift av elevkvelden. Foreldre stiller som vakter

SFO: Her er det stor auke i brukarar. Alle som har trong for det får plass.

### **SFO**

Hausten 2002 vart det tilsett styrar i 50% stilling. Det har og vore stor auke i bruken av ordninga. Frå førre teljing, har bruken auka med rundt 40%. Det gjer at SFO har gått med overskot i høve budsjettering. Det har vore større brukarbetaling og høgare statstilskot enn forventet. Overskridinga på postane utstyr m. m., er annonseutgifter i samband med utlysing.

### **Gjerde skule – ”Bonus skule”**

I august vart Gjerde skule tildelt diplom som bonus skule som ein av 34 barneskular i heile landet. Skule fekk ein bonus på 50 000 kroner. Mesteparten av desse pengane vart investert i leikeapparat til skulen.

Hausten 2002 fekk me støtte frå Statens Utdanningskontor på kr. 30 000 til eit IKT-prosjekt som fekk namnet ”Samarbeid heims skule i ei medieverd”. Det har fokus på samarbeid ved hjelp av heim esida til skulen. Her prøver me å leggja ut all informasjon som kan ha nytte i skule heim samarbeidet. Skulen mottok 7 brukte pc-ar i gåve frå ein privatperson. Desse er gått til årstatta gamle maskiner på klasseromma.

### **Gjerde barnehage**

Gjerde barnehage gjev eit pedagogisk tilbod til barn mellom 0 og 6 år. Barnehagen har 20 plassar.

### **Måsetting**

Målet vårt er å gje eit godt pedagogisk oppvekstilbod til barna i samråd med foreldra. Full barnehagedekning er eit anna viktig mål for Gjerde barnehage. Årsplanen vår byggjer på rammeplan for barnehagen.

### **Måopnåing**

Samnanger kommune har oppnådd nesten full barnehagedekning. Ved siste opptak fekk nesten alle som søkte eit tilbod om plass. Alle barn med spesielle behov/funksjonshemmingar som har søkt plass i barnehagen, har fått det. Det er behov for fleire delte plassar framover. Det ser me ut frå sknader til begge barnehagane førre året. Førre foreldre enn før ynskjer å ha barnehageplass to dagar for veka. Ut i frå dei siste sknadane ynskjer dei plass dei dagane småskulen har heile dagar.

Dette siste året har me i Gjerde barnehage hatt barn med spesielle behov og to afghanske flyktingar som har fått assistent hjelp. Flyktingbarna får hjelp til å styrkja språkutviklinga. Med større vaksentettleik

kan me ta oss betre av kvart enkelt barn, og barnegruppene er blitt rolegare og meir harmoniske.

Tal barn i barnehagen pr årsverk er gått ned, fordi det er fleire barn som har økt opphaldtida si.

Slik inntaket og barnegruppa vart førre året, fekk me 60 000 mindre i statsstøtte enn forventa.

### **NORDBYGDA SKULE OG BARNEHAGE**

**Nordbygda skule** er ein 4- delt barneskule med 77

elevlar. **SFO** held til i same lokalet som 1. klasse, og er eit tilbod til barn i 1. - 4. klasse. Til saman 20 barn nytta tilbodet på SFO hausten 2002. På grunn av liten påmelding her har barna fått SFO - tilbod på Gjerde skule onsdagane dette året. **Nordbygda barnehage** har 2 avdelingar og 30 plassar for barn i alderen 0-6 år. 41 barn delte dei 30 plassane i 2002.

### **Kommentar til rekneskap og budsjett**

Inntektene er svært høge i høve til budsjettet, fordi me ikkje budsjetterer med sjukepengerefusjonar. Det meste av inntektene skriv seg frå refusjonar for lønn til to ulike lærar i morspermisjon.

Skulen kjem ut med eit nettoforbruk eller driftsresultat som er 5 % større enn budsjettert utgift. Overskridinga er på 212.000 kr. Storparten skuldast auka lønnsutgifter på grunn av lønnsoppgeret og nødvendige tiltak til spesialundervisning for elevlar med åferdsvanskar. Det er og avvik på ein del andre postar, -og samla overskriding på materiellpostane er ca 10.000 kr. To deltakarar på sfo har hatt full plass. Onsdagane har dei fått sitt tilbod på Gjerde sfo. Driftsresultatet for sfo syner ei nettoutgift på 139.000 kr. Dette er vesentleg mindre enn budsjettert. Det er viktig å leggja rekneskapstala til grunn ved ev samanlikning av kostnadene ved sfo-ordningane. Sjølv om inntektene auka fekk

barnehagen eit driftsresultat på 364.000 kr som er 13% meir enn budsjettert forbruk. Også i barnehagen er det auka lønnsutgiftene som fører til overskriding. Skulen held budsjettet for reinhald medan barnehagen har ei overskriding. Dette kan koma av at reinhaldarane tok fagprøven og fekk auka lønn i løpet av året.

### **Skulen sitt mål - "Eit positivt skulemiljø"**

Måla i opp læringslova og L-97 avspeglar seg i den pedagogiske plattformen for skulen: « Eit positivt skulemiljø gjennom

- **Trivsel, Tilpassa opplæring og Tryggleik**
- **Ansvar og Aktiv læring**
- **Kreativitet »**

- eit **TAK** over læringsmiljøet vårt !

Om me greidde å få til eit felles TAK, og koma nærare måla våre er vanskeleg å måla. Men elevsamtaler, foreldresamtaler, ulike prøver, observasjonar og ulike spørjeskjema gir oss likevel eit godt bilete. I ei spørjeundersøking seier 85% at dei har fleire enn to gode vener i klassen. 96 % svarer at dei sjeldan eller aldri vert erta av andre i klassen. Saman med elevsamtaler og ei rekkje observasjonar viser dette klart at **dei fleste elevane** har funne seg til rette på skulen og at me har hatt eit godt miljø på Nordbygda skule i året som gjekk. Trass i enkelte hendingar var det ei særleg fin utvikling i hausthalvåret.

Også på vår skule var det nokre elevar som ikkje fann seg godt til rettes på skulen. I samarbeid med foreldre og sakkunnige har me drøfta og sett i verk ulike tiltak for enkeltelevar. For nokre av desse har me fått til ei svært positiv utvikling i 2002, - for andre ikkje. I løpet av hausten starta skulen arbeidet med ein plan mot mobbing.

### **Ulike prosjekt og trivselsfremjande tiltak**

**"Verkstad" eller uteskule** hadde elevane i småskulen i aldersblanda grupper tre timar minst ein gong i veka i våhalvåret. Dette

omfattar ulike fag og er aktiv læring i praksis

**"Steg for steg"** arbeidde me vidare med. Målet med det opplegget er at barna skal verta flinkare til å

- Forstå og koma overeins med andre
- Løysa problem og bruka sosiale dugleikar
- Meistra sinne

Dei fleste klassane har arbeidd godt med opplegget, og me opplever at mange elevar ofte tenkjer seg litt meir om og tek litt meir omsyn til andre.

Dette året var skulen og med på **"Matematikkenes dag", Grip boka, verdsbokdagen og bibliotekveka, og lesekurs i 4.klasse, felleslunsj, leikar i friminutta, sommarfest og julefest.**

**"Vårsleppet"** - gjekk som vanleg til Skutevika, medan me gjekk til Hildershaugen etter den nye vegen frå Gjerde. Heimturen gjekk gjennom Nordvikmarka. Me er glade for at fleire foreldre stilte opp og var med.

**Vikingspel** som elevane i storskulen hadde øvd inn. Elevane og lærarane deira la ned eit imponerende arbeid, og framsyninga i november var vellukka, - også mykje takka vera flotte kostymer som skulen fekk låna frå Gaularspelet.

**Besøk frå Kenya**, der gjestene hadde med seg gåver til alle, og både barn og vaksne tok godt imot dei to rektorane frå Sigowet. Alle viste interesse for å bli kjent med dei, og mange ville gjerne vita meir om Kenya. **"FN-dagen"** dette året vart knytt til vennsaksarbeidet Samnanger – Sigowet. Det vart bestemt at inntektene på kr. 5.800 på FN-dagen skulle gå til vennsaks skulen vår i Kenya. Styret ved Tonongoi Primary School ville bruka pengane til bygging av eit nytt klasserom som skal heita "Samnanger".

### **Kurs**

I september var alle lærarane på kurs og lærde meir om arbeidsmåten "Storyline".

Arbeidsmåten er brukt i klassane i samband med prosjektet "Trollskogen". I november begynte alle lærarane på eit datakurs som vert kalla "LÆRARIKT". Måsettinga er at lærarane skal bli flinkare til å bruka vanlege dataprogram samstundes som dei blir flinkare til å bruka ikt i undervisninga..



### **Nordbygda barnehage**

Overordna mål for barnehagen finn me i Lov om barnehagar og rammeplan.

Barnehagen har eigen årsplan som er lagt fram for foreldrerådet og godkjend i samarbeidsutvalet. Departementet satsar no på kvalitetsutvikling i barnehagesektoren. "Den gode barnehagen" ei treårig satsing på kvalitetsutvikling.

Det er tre satsingsområde:

1. Barnehage til alle barn. Den gode barnehagen skal ha plass til alle barn. Det må tilretteleggast for barn med behov for særskild støtte og omsorg. I den gode barnehagen skal barna utvikla basiskompetanse for sine framtidige liv
2. Tilgjengelege og brukarvennelege barnehagar til ein pris som foreldra har råd til
3. Eit kompetent personale.

Måloppnåing i høve til nasjonal måsetting:

- **barnehage til alle**

Ikkje alle fekk oppfylt sine ønskjer ved opptaket, og mange foreldre vil ha plass til sine barn fleire dagar i veka. Me har ingen plassar ledig i år, så det er trong for fleire barnehageplassar i kommunen. Vår barnehage kan ikkje ta imot fleire barn utan utbygging.

Elles arbeider me aktivt med å utvikla barna sin basiskompetanse. Barna får gjennom lek og samspel utvikla sin sosiale og språklege kompetanse.

Brukarundersøkinga viste at foreldra var nøgde med det sosiale miljøet i barnehagen

- **tilgjengelege og brukarvennelege barnehagar til ein pris foreldra har råd til**

Me kan no tilby et meir fleksibelt tilbod tilpassa familien og barna sine behov. Likevel viste brukarundersøkinga at fleire hadde ønskje om utvida opphald når dei har bruk for det. Elles var foreldra nøgde med tilbodet. Det ser ut som me langt på veg har nådd målet omsyn til ein brukarvennleg barnehage som er fleksibel og tilgjengeleg.

- **Eit kompetent personale**

I vår barnehage har me i mange år arbeida målretta med utvikling av barn sin sosiale kompetanse. Me har drive intern opplæring i form av studiesirkel av pedagogisk litteratur som grunnlag for fagleg diskusjon og utvikling. I år har me så smått begynt arbeidet med å laga kvalitetskriterium til ulike prosesser og situasjonar i barnehagen. Me vurderer arbeidet vårt gjennom observasjon av barn, barnesamtaler med fokus på trivsel og foreldresamarbeid. Kursinga til Midt-Hordaland opplæringsregion har vore bra. Her har heile personalet delteke på felles kursdagar.

Brukarundersøkinga i regi av KS viste at foreldra er svært nøgde med kvaliteten i barnehagen i generelt sett, men at me må jobba meir med foreldremedverknad og informasjon.

Her lagar me no fast informasjonsskriv kvar månad., med evaluering av føre månad og informasjon om neste månad i høve til årsplan.

### **Det er stor grad av måloppnåing i høve til ressursinnsatsen**

Mottoet vårt er framleis :

**Nordbygda barnehage - Der venskap og omsorg gror og trivselen er stor**

høve til auke av barnegruppene. Brukartilpassinga og utvida opningstid krev meir av personalet. Barnegruppene endrar seg frå dag til dag. Dei vaksne må

involvera seg aktivt i at alle barna etablerer vennskap og opplever eit inkluderande miljø **Barn treng vaksne som har tid og evne til å gje ein god omsorg.**



## **SAMNANGER UNGDOMSSKULE**

### **Kvifor studietur ?**

Studieturen var planlagt frå hausten

2000. Personalet byrja

først med skulevitjing gruppevis i Hordaland og Rogaland. Me fekk og førelesning om Navestadskulen i Sverige. Vidare ynskte me å sjå og læra frå andre land og valde då Danmark. Både 18 lærarar, 1 assistentar, kontoransvarleg og 2 reinhaldarar fekk tilbod om å delta på studieturen. Rektor la vekt på at Samnanger ungdomsskule skal vera ein "VI-skule" der alle yrkesgrupper ser at dei er viktige for å skapa eit godt skulemiljø

### **Planlegging av studietur - studentovertaking**

Skulen valde å søkja Høgskulen Stord/Haugesund om skuleovertaking av studentar. Studentane var hos oss i 3 veker. Ei veke før og ei etter Danmarksturen. Det var lærerikt, men krevjande både for dei og oss. Mange pedagogiske diskusjonar var forfriskande! Administrasjonen ville kanskje vurdert andre løysingar om dei på førehand hadde visst kva arbeid studentovertaking ville medføre. Samnanger kommune ansvarleg for skulen medan rektor var i Danmark.

### **Dette ville med læra meir om:**

- Organisering av skuledagen
- Studietid, fleksible løysingar, planar og læringsmiljø
- Storklassar, vanlege klassar og grupper.
- Spesialundervisning og individuell tilpassing

- Fysisk tilrettelegging og estetisk preg på skulen

### **1) I Danmark ville me jobba med pedagogisk utviklingsarbeid:**

Her ville me både sjå dansk system og jobba med utfordringar knytt til vår eigen skule og hadde sett opp desse punkta:

- a) Studera skulekvardagen i dansk grunnskule
- b) Få innsyn i dansk skulesystem
- c) Vurdera det me har observert og kva me kan tilpassa til vår skule
- d) Laga ei felles pedagogisk plattform og årshjul for Samnanger ungdomsskule
- e) Me skal leggja konkrete planar for resten av skuleåret
- f) Bruka metoden for kollegabasert rettleiing.

### **2) Sosialt samvær – felles og i grupper**

- a) Styrkja samhaldet i det store kollegiet
- b) Auka forstinga for ulike yrkesgrupper sine oppfatningar.
- c) Humor og glede på arbeidsplassen

### **Skulebesøka**

#### **Heimdalsgades overbygningsskule (obl. 8. 9. kl. og frivillig skuleval 10 kl.)**

Dette var ein ny *utstillingsskule og forsøksskule i København.*

Skulen var ein ombygd brødfabrikk, og låg i eit område med mykje hærverk og uro.

Eit nær samarbeid med fritidsorganisasjonar og andre instansar hadde ført til ei *miljøbetring*. Skulen var open på kveldstid, internettkafe, m/tilsyn av assistentar. Elevane hadde arbeidsveker kvart år dei gjekk på skulen.

#### **Besøk på Blågårdskolen 1. -9. klasse**

Dette var ein tradisjonell dansk grunnskule som minna mykje om norske skular.

Spontant fekk me avtalt besøk på ein stor læremiddelutstilling : Center for undervisningsmidler, København

kommune. Dei lånte ut bøker, film, forskningsutstyr og kostymer m.m. til grunnskulen. Utstyret var organisert i temakassar og var eit svært godt hjelpemiddel i prosjekt- og temarbeid i skulen.

### Pedagogiske arbeidet ved vår skule

Det var lagt opp til god tid i København til etterarbeid etter skulebesøka slik at me fekk jobba med saker knytta til vår eigen skule. Personalet var delt i utviklingsgrupper og me fekk gjort mykje. Arbeidet og erfaringane frå Danmark har og vorte føgt opp etter studieturen. Me har brukt planleggingsdagar og fellestid frå 190t ramma. Her er det framleis meir å arbeida vidare med. Studieturen svarde til forventningane. Me fekk gode pedagogiske og administrative idear spesielt frå Heimdalsgades overbygningsskole. Programmet hadde hatt plass til fleire skulebesøk. Det var verdifullt å få vera saman over tid å jobba med grunnleggjande ting på eigen arbeidsstad. Sosialt var det topp ! Dette merka me også etter me var tilbake i skulekvardagen. Personalet er takknemlege for samarbeidet med kommunen omkring dette felles opplæringsstiltaket.



### KULTUR

Eining for kultur har ansvar for: Bibliotek, Kulturvern, Kino, Musikk, Idrett og friluftsliv, Anna barne- og ungdomsarbeid,

Vaksenopplæring, Tilskot til samfunnshus og ein del ørige kulturtilbod som ikkje så lett let seg karakterisera. Eininga har følgjande stillingsressursar:  
 Kulturkonsulent 41,67% stilling  
 Idrettsanlegg/reinhald 14,97% stilling  
 Biblioteksjef 75% stilling  
 Kulturskulerektor 100%

Musikkskulepersonale 87% fordelt på 11 personar

Dersom vi samlar opp ein del postar, kan vi gjerne dela opp dette vi kallar kulturmidlane i KOSTRA- kategoriar:

Tilskot	Sum
Tilskot til barne og ungdomsarbeid	82.000
Tilskot til song og musikk	42.000
Tilskot til idrett/friluftsliv	78.000
Andre	47.000

### Rekneskap og budsjett

Budsjettet viser ein liten auke i høve til førra året. Auken skuldast lønsveksten. Tilskota til lag/organisasjonar ligg på om lag same nivå som året før, då vi fekk ein auke i tilskotet til song og musikk. Når det gjeld administrasjonen må det nemnast at kombinasjonen kulturkonsulent /IT-ansvarleg fører til at det framleis vert litt for lita tid til kulturarbeidet. For å sikre kulturarbeidet legg eininga legg opp til to faste kontordagar til kulturarbeid. Overskridinga på bokbudsjettet vart dekkja inn med ledige lønsmidlar.



### BIBLIOTEK

Gjennomsnittleg utlån pr. innbyggjar var 4,26. Talet er noko lågare enn fjoråret sin (4,36). Årsaka er truleg lågare bemanning i biblioteket. Fylkesstatistikken viser utlån p r. årsverk, nett fordi det er ein nøye samanheng mellom utlån og bemanning. Frå midten av januar og ut juli blei hovudbiblioteket drive med litt over 20 timar pr. veke, mens stillingsprosenten skulle ha vore 75%. Utlånstala i perioden 1998 -2000 ligg under både landsgjennomsnittet (5,17 i 1999) og fylkesgjennomsnittet (5,02 i 1999). I forhold til andre kommunar det er naturleg å samanlikne oss med, kjem vi litt betre ut.

### Tal bøker:

Tilveksten var på 1043, som gir ein samla bestand på 17969 bøker.

### Oppsøkjande verksemd:

Epos påhaustbesøk.

Bokdepot påhelsestasjonen.

Bokkasse i open barnehage.

### Aktivitet:

Forskningsdagane, samarbeid med ungdomsskulen, i september.

Seniorsurf, internettopplæring for pensjonistar.

Forfattarbesøk av Bente Brattlund Måland.

Biblioteket fekk eiga nettside.

Barnebokveka i november

Elles har biblioteksjefen delteke på eit møte for bibliotek i regionen, og ein bibliotekkonferanse i regi av Fylkesbiblioteket. Biblioteksamarbeidet i Samnanger har hatt eit møte. Utkast til bibliotekplan for Samnanger lagt fram. Sendt søknad om støtte til breiband i biblioteket.

### Nordbygda filial:

Det vart vedteke åstengja filialen frå og med Mars månad og ut året.



### KULTURSKULEN

Samnanger musikk- og kulturskule fekk hausten 2002 kontorlokale på kommunehuset vegg i vegg med kulturkontoret. Dette er for å få til tettare band innanfor kultureininga som musikk- og kulturskule no er ein del av. Vår musikk- og kulturskule er absolutt i utvikling. Det syner seg at dei nye tilboda med multimedia og kulturverkstad i mykje sterkare grad appellerar til gutane. I samarbeid med grunnskulen gjennomfører vi fleire større prosjekt i året med vekt på *dei estetiske faga*. Saman vil vi også arbeida med prosjektet Samnanger – Singowet i Kenya, der det no ser ut til å bli tettare band i 2003 med utvekslingsavtale.

### Kulturskule sine mål

- Vi har eit mål om å vera med å skapa ei arena for kreativ bruk av data.

Vi vil leggja til rette for bruk av ulike musikk/noteprogram, gje born og unge ferdigheitar i bruk av foto / video- utstyr, ulike multimedieprogram for redigering og framsyning. Vi samarbeider mykje med skulane med omsyn til utstyr. Men vi har framleis ein lang veg å gå for å oppnå at born og unge styrer tida dei brukar på data, inn på meir kreative aktivitetar.

- Kulturverkstaden som vi starta med hausten 2001 har hatt diverse vanskar der born

og ungdommar ikkje har vore greie med kvarandre. Akkurat no går det svært bra. Fleire av elevane har assistent/ støttekontakt i skule og fritid. Desse finn seg godt til rette. Born frå 4.klasse til ungdommar i vidaregåande skule møtast til musikkverkstad, dataverkstad, open gymsal og open kantine. Vi ønskjer å utvida med danse- evt. teikne/måleverkstad.

- Opplæring på MINI -

INSTRUMENT skjer i tett samarbeid med Samnanger

skulemusikklag, Nordbygda skule (mini-klarinet) og Gjerde skule (mini-kornett). Vi gjev små elevar tilbod om å lære korpsinstrument for å auka rekrutteringa til skulemusikklaget. Sist haust hadde vi 22 søkarar til dette tilbodet. 7 elevar vart tekne inn. Samnanger skulemusikklag var nede i 8 medlemmar, og var "døden" nær. No er vi i ferd med å snu dette.

Utover vanleg undervisning er elevane og lærarane svært aktive i bygda:

- Ungdommens Kulturmonstring (UKM); deltaking lokalt og på fylkesmonstring

Ungdommens Kulturmonstring UKM, blir no arrangert siste laurdagen i januar kvart år. Både i 2001 UKM og 2002 UKM hadde vi samarbeid med Samnanger målag om ein skrivekonkurranse.

- 8 huskonsertar og andre arrangement på Samnangerheimen/ Dagsenteret
- 4 pensjonisttreff på heradshuset og Bjørkheim
- 4 familiegudstenester /eldredagen/konsert i kyrkja på Haga, kyrkja på Ådland
- 1 karneval i samarbeid med Gjerde skule og skulekorpset.
- 2 større prosjekt i samarbeid med Gjerde og Nordbygda og fleire små prosjekt
- 2 deltakingar på innviing av omsorgsbustader
- 1 Musikk- og kulturskolane sin dag i Bergen
- 1 deltaking på barnebokveka
- 2 eigne avslutningar før sommarferien og før juleferien

I prosjekt "vennskap Samnanger- Sigowet, Kenya" arbeider vi for brubygging mellom to bygder på to heilt ulike kontinent. Dette er eit ledd i arbeidet for internasjonalisering blant born og unge. Kulturutveksling vil stå sentralt i dette arbeidet. Rektor sit i ei arbeidsgruppe saman med rektorane på Gjerde og Nordbygda i tillegg til helsesøster. Arbeidsgruppa besøkte Sigowet i mars 2002 og to skuleleiarar frå Sigowet besøkte Samnanger i mai.

Vi har inne søknad til Det norske Fredskorpset om midlar til vidare utveksling over eitt år.

Samnanger musikk- og kulturskule gjev eit grunnkurs for alle 4. klassingane i kommunen. Dette er eit samarbeid med grunnskulen der musikktimen på skulen blir styrkja med ressurs frå musikk- og kulturskulen. Musikk- og kulturskulen gjev instrumentopplæring til elevar i 4. -10. klasse. Søkjarane kan velja mellom alle typar korpsinstrument, tangentinstrument, strykeinstrument, gitar, trekkspel/toradar og song. Av andre kulturtilbod har vi foto/video/multimedia og kulturverkstad. Vi set ingen krav til søkjarane ved opptak.

Tilbodet gjeld også for dei som treng tilpassa undervisning.

### Rekneskap og budsjett

Overskriding på kr 39.875 skuldast:

- svikt i inntektene frå sal til skulane (kr 14.127) grunna færre selde timar
- svikt i inntektene frå sal til ulike lag (kr 26.356) grunna budsjettert overføring frå kulturretaten jfr tidlegare år. Dette var det ikkje budsjettert med i kulturbudsjettet.
- ekstraavgifter til nytt datautstyr (kr 13.641)
- Auke i inntekter på andre postar veide opp litt av dette (kr 14.249)

Driftsutgiftene i vår musikk- og kulturskule er i hovudsak knytt til løner

- PC-ar pr. elev: vi nyttar PC-ane på skulane
- PC-ar pr. lærar : Ein bærbar PC til heile musikkskulen
- PC 1 stk til rektor sitt kontor

### Effektivitet

*Kommunestyret legg til grunn eit rammetimetal til undervisning på 29 v.t.* Staten regulerer elevkontingenten ved å setja eit tak for kva kommunane har lov til å krevja. Vi må setja 6 elevar på venteliste dette skuleåret Vi kunne ikkje ta inn fleire elevar enn det som var fagleg forsvarleg. Kulturverkstaden derimot, opnar for at mange born og unge kan få ein elevplass. Rektor har bevisst gått inn i musikktilbod i grunnskulen der det blir lagt til rette for samarbeid på tvers av klassar og med fleire lærarar i saman. På denne måten kan vi gjennomføre større prosjekt der vi utnyttar maksimalt dei ressursane som alt ligg der.

### Investeringar

Musikk- og kulturskulen ønskjer å utvikle kompetanse på multimedia: musikk - foto-film- redigering og data og har derfor investert -saman med grunnskulen- i programvare som kan nyttast av elevar og lærarar på skulane. Det vart investert i datamaskin på kontoret til rektor i 2002





## KYRKJA

Kyrkja er eit sjølvstendig forvaltingsorgan. Kommunestyret er representert med Bjørg Solvang i kyrkjestyret

### Overføring til kyrkja

I 2002 vart det overført kr 1.699.942 til kyrkjestyre. Dette er ein auke på kr 336.000 i høve til opprinneleg budsjett. Kommunestyret ga i løpet av året tilleggsløyving til m.a. dekking av underskotet frå 2001, auka pensjonsutgifter og forsikring av bygga. For aktiviteten i kyrkja vert det elles vist til eige melding.



## Helse

### ANSVAR SOMRÅDE

Til helseeininga ligg m.a. fylgjande helsesteneste:

- Allmennlegeteneste
- Legevaktordning
- Fysioterapiteneste
- Helsesystemteneste
- Jordmorteneste

I tillegg har eininga ansvaret for :  
Tilsyn ved Samnangerheimen, helsestasjon, skulehelseteneste, medisinskfaglege råd, smittevern og miljøretta helsevern.

Kommunelege I Iselin G. Dyrseth er leiar av helseeininga.

## RESSURSINNSATS

Det er tre legestillingar i kommunen, kommunelege I og II og turnuslege. Det er oppretta 240% stillingar for hjelpepersonell med arbeid i hovudsak knytt til legetenesta, der 220% av desse er nytta i dag. Det er oppretta 100% stilling for helsesøster, 30% stilling for jordmor og 100% stilling for kommunefysioterapeut. Privatpraktiserande fysioterapeut har 50% driftstilskot frå kommunen.

*Tabell: Ressursbruk i helsetenesta. Årsverk målt pr. 1.000 innb.*

	Samnanger	Hordal.	Gruppe 2	Landet
Netto driftsug. Pr. innb	1.890	1.072	1.594	1.198
Legeårsverk	1.23	0.78	1.0	0.82
Fysioterapiårsverk	0.55	0.78	0.72	0.77
Helsest./skuleh årsv 0-4år	8.1	6.0	9.6	7.0
Miljøretta helsevern årsv	0.11	0.06	0.13	0.10
Psykisk helsevern årsv	0.64	0.50	0.64	0.49

Tabellen viser at me nyttar mykje ressursar på helsetenesta samanlikna med dei andre. Ser me mest på gruppe 2, finn me at me har fleire legeårsverk og færre fysioterapiårsverk og ressursar på helsestasjon og skulehelsetenesta.

Tabell som viser tilhøve mellom budsjett og rekneskap i heile 1.000 kroner

TEKST	Rekneskap		Rev. budsjett.		Oppr. Budsj.	
	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt
Legeteneste	4113	1198	4193	1015	3826	1215
Fysioterapi	429	101	411	117	390	117
Helsesøster	486	52	462	35	381	35
Jordmor	127	23	120	12	106	12
Næringsmid.	161	0	160	0	160	
Reinhald	154		104		97	

Det er småavvik mellom rekneskap og revidert budsjett. Det vart tilleggsløyvd midlar til legekantoret både fordi me budsjetterte med innsparingar ved interkommunalt legevaktssamarbeid som ikkje kom i stand. Legevakt var derfor underbudsjettert med knapt 300.000

kroner. Det er og kome mindre inntekter enn budsjettetert. Dette gjeld primært refusjon fråstaten, og me ser no nærare på om det berre skuldast at me har hatt færre pasientar enn føresett eller om det også skuldast at me ikkje har utnytta alle moglegheiter for å få refundert utgifter.

Det største prosentvise avviket mellom rekneskap og opprinneleg budsjett finn me hjåhelsesøster. Dette kan forklarast med auka pensjonsutgifter som vart 86.000 kroner mot budsjettetert kr 25.000.

Helsesøster er saman med dei andre sjukepleiarane fortsatt tilslutta KLP.

Det har vist seg at ein del av personalet i helseeininga får allergiske reaksjonar som me har forstått skuldast **lokala**. Det har vore gjennomført fleire prøvar og det har vore nytta konsulentar utan at me har funne fram til eit eintydig svar på problemet. Fleire tiltak har vore gjennomført, m.a. er det utført omfattande reinhald av heile bygget. Avviket på reinhald i tabellen over skuldast primært dette.



## LEGETENESTER

Frå 01.06.01 har me hatt fastlegeordning med ei fellesliste for legane, der pasientane har anten kommunelege 1 eller 2 som hovudansvarleg lege. Me har i 2002 ikkje hatt nokon fast tilsett i stillinga som kommunelege 2, men har brukt ein del vikarar i denne stillinga.

### Legevakt

Her ligg det største problemet for Samnanger for å få til stabil legeteneste. 3-delt vakt er det få legar som ønskjer. Kommunen har strekt seg langt for å laga til økonomiske kompensasjonar som gjer det meir attraktivt å "køye legevakt" i Samnanger. Det vart i 2002 betalt ut

vaktgodtgjersle til legane med 1.121 mill kroner. Det er sannsynlegvis ikkje nok med denne type verkemiddel.

Legevakt synast å vera problem også for større kommunar. Det har vore i gang utgreiingar om legevaktsamarbeid i Bergensområdet, men det har ikkje resultert i konkrete samarbeid.

Ved akutt sjukdom hjå vaktlegen har me hatt eit samarbeid med Fusa, der legen i den andre kommunen dekkjer vakta for begge kommunane.

### Planarbeid

Me har kome noko kort i planarbeidet, m.a. manglar me smittevernplan, som alle kommunar er pålagde å ha. Ein har såvidt kome i gang med dette arbeidet på slutten av året, men ein ser at det ikkje vert nok tid til å prioritere denne typen arbeid så lenge ein ikkje har fylt alle legestillingane. Innhenting av vikarar og oppfølging av arbeidet deira tar mykje **tid**.



## KOMMUNE-FYSIOTERAPI

### ANSVAR SOMRÅDE

Fysioterapeuten sine oppgåver er mellom anna førebyggjande helsearbeid, helsestasjon verksemd, skulehelseteneste, undervisning, behandling av sjukdom, skade og lyte, habilitering og rehabilitering.

Kommunefysioterapeut har hovudsakleg ansvar for barn 0 - 16 år. Aldersgruppa 17 - 100 vert delt med privatpraktiserande fysioterapeut. Kommunefysioterapeuten har ansvar for heimebuande eldre som treng behandling i heimen, bebuarane på Samnangerheimen og andre personar som

treng brei tverrfagleg oppfølging av fleire yrkesgrupper. Ho er rehabiliteringskontakt i kommunen og kontaktperson for hjelpemiddelsentralen

### **RESSURSINNSATS**

Åse Waage Tveit vart fast tilsett i stillinga frå august. Ho har arbeidd i 85% stilling. Geir Næss arbeidar som privatpraktiserande fysioterapeut og mottok 50% driftstilskot frå kommunen.

### **MÅL**

Tenesta skal førebygge sjukdom, skade og lyte. Det er enda ikkje utarbeidd konkrete mål for fysioterapitenesta i Samnanger kommune, men dette må prioriterast.

### **MÅLOPPNÅING**

Innbyggjarane har eit godt tilbod om fysikalsk behandling. Samnanger Fysikalske Institutt har lite ventelister, og gjev eit breitt tilbod til pasientane. Det er gode arbeidsforhold, og ein kan til dømes gje born eit godt tilbod fordi ein har utstyr retta spesielt mot dei. På ein del større saker innan hjelpemiddelformidling og trening i forhold til daglege aktivitetar kjem ein for kort i kommunane fordi ein ikkje har ergoterapeut.

### **PRODUSERTE TENESTER**

#### **Kommunefysioterapeut:**

Tal på brukarar: 65

Brukarar under 18 år: 24

Brukarar over 18 år: 41

Tal på konsultasjonar / behandlingar: 724

Brukarar under 18 år: 469

Brukarar over 18 år: 255

Det har vore nedgang i tal behandlingar som er gjevne på Samnangerheimen, noko som skuldast at med få korttids plassar er trongen for fysikalsk trening mindre.

Når det gjeld hjelpemiddelformidling, fungerer kommunefysioterapeuten som kontaktperson. Hjelpemiddelsentralen har 268 brukarar i Samnanger. Desse lånte hjelpemiddel for totalt 2.5 mill. kr. i 2002

(2.53 i 2001 og 2.28 i 2000). Det er flest brukarar i gruppa 70+ (totalt 153).

Ved **Samnanger Fysikalske Institutt** vart det utført 3105 behandlingar med honorar takst og 1230 med refusjon.

### **INVESTERINGAR**

I 2002 investerte fysioterapitenesta i nytt dataprogram for tenesta. Dette har vore med på å kvalitetssikre tenesta i forhold til journal forskrifta. Dataprogrammet vil også gjera det enklare å henta ut statistikk over t.d. utført behandling, alderssamansetnad, bruk av tida på søknader, planarbeid og anna.

### **SAMANDRAG**

Fysioterapitenesta i Samnanger kommune fungerer bra. Det er flotte og lett tilgjengelige lokaler, og ventelistene er ikkje lange hjå privat eller kommunal fysioterapeut.



### **JORDMORTENESTA**

#### **ANSVARSRÅDE**

Hovudfokus for jordmor er oppfølging av det normale svangerskap, fødsel og barseltid samt diagnostisere

avvik frå det normale. Tilvisse etter behov og samarbeide med lege om behandling. Jordmor er ansvarleg for gjennomføring av fødsel – og foreldreførebudande kurs i samarbeid med helsesøster og fysioterapeut.

### **RESSURSINNSATS**

Jordmortenenesta i Samnanger kommune innehar ein 30% stilling, og det har vore tilsett jordmor i stillinga i heile år 2002.

## PRODUSERTE TENESTER

Svangerskapskonsultasjonar	187
Barselkonsultasjonar	4
Heimebesøk	8
Telefonkonsultasjonar	17
Telefon fødeavd./polikl./andre	11
Telefon til gravide	35
Telefon frå gravide	29
Tilvising spesialist/polikl./Ul	9
”Nye” gravide	23
Gravid frå annen kommune	1
Føl sel - og foreldreførebuaunde kurs, (ein heil dag)	3
Kursdeltakarar – gravide	12
- menn	10

## PRODUKTIVITET

Dei fleste fødslane har skjedd i første halvdel av 2002, mens tilgangen på ”nye” gravide har vore størst i siste halvdel.

Helsesøster har rapportert om nokon få som har født, og ikkje har gått til kontroll hos jordmor.

## EFFEKTIVITET

I periodar har det vore noko ledig kapasitet dersom ein berre tenkjer seg jordmorverksemda som ein rein konsultasjonsfunksjon. Men det er heilt avgjerande for den vidare utvikling av det jordmorfaglege tilbodet at det er noko tid til planlegging, tilrettelegging og utvikling av jordmorfaget. Den ledige kapasiteten har vore nytta til m.a. planarbeid (jfr. andre oppgåver under produserte tenester). Det er også nokre administrative oppgåver som skal utførast innanfor 30% stilling.



## Helsesøster - tenesta

### ANSVAR SOMRÅDE

Helsesøster har ansvar for det førebyggjande arbeidet for aldersgruppa 0-20 år. Born har og ein særskild rett til helsehjelp i form av helsekontrollar, og foreldre pliktar å medverka til at dei deltek i desse. Helsesøster sine oppgåver omfattar helseopplysning, foreldre- og elevretteiing, helseundersøkingar, vaksiner, tiltak for gravide, oppgåver innan miljøretta helsevern og smittevern.

### RESSURSINNSATS

Helsesøsterstillinga er 100%, Arbeidet vert fordelt mellom helsestasjonen og skulehelsetenesta såleis:

Nordbygda skule:	3 t/veka
Gjerde skule :	5t/veka
Samnanger ungdomskule:	5t/veka
Helsestasjon for ungdom:	2 t/veka

## PRODUSERTE TENESTER

Konsultasjonar i aldersgruppa 0-5 år	329
Konsultasjonar i skulehelsetenesta	429
Vaksne utanom reisevaksiner (t.d. pirquet, hørselsus, samtale)	55
Helsestasjon for ungdom	16
Reisevaksiner (tal på vaksiner)	167
Influensavaksiner	119

Talet på helsestasjonskontrollar varierar med talet på fødslar. Reisevaksiner aukar for kvart år og gjev og auka inntekter.

Utførte aktivitetar for gruppa **0-5 år** :

- Samarbeid med Open barnehage om barseltreff, seks treff gjennom året.
- Vanlege helsekontrollar og tilbod om heimebesøk etter fødsel, samt vaksiner og rettleiing av foreldre.

### Utførte aktiviteter i **skulehelsetenesta:**

- Vaksinerer etter gjeldande program.
- Basisundersøking ved skulestart saman med lege.
- Ryggundersøking/undervisning for 6. klasse saman med fysioterapeut.
- Undervisning om pubertetsutvikling for 6. klasse.
- "Konsulent" for elevane ved ulike prosjektarbeid.
- Undervisning om SOS og prevensjon i jente- og guttegrupper i 10.klasse.
- Samtalegruppe for 8.klasse
- Samarbeid med Nordbygda og Gjerde skule om globalisering og internasjonalisering- vennskapsarbeid i Sør.
- Ansvarsgrupper for elevar med særskilde behov.
- Oppfølging av enkeltelevar
- Tilgjengeleg for elevane gjennom "open kontortid" på alle skulane.
- Undervisning for 6.klasse Nordbygda om Mat/oppvekstvilkår for barn i U-land.
- Undervisning om Kropp og helse med fokus på spiseforstyringar for 9. klasse (Prosjekt)

**Helsestasjon for ungdom** kvar torsdag på Helsetunet frå kl.17-19 for aldersgruppa 16-20 år.

### Utfordringar

Det har ikkje vore faste lege tilknytte helsestasjon- og skulehelsetenesta. Turnuskandidat og vikarlegar har dekkja behovet. Pga. manglande kontinuitet, vert difor ofte ansvaret for oppfølging av medisinske problem overlevert til helsesøster. Dette medfører meirarbeid og er i grenseland for helsesøster sitt ansvar. Det treng og arbeidast vidare med samarbeidsrutinar og rutinar for formidling av informasjon til dei ulike tenestene ved helseeininga. Det må og arbeidast vidare med ei felles måsetting og overordna styring for at vi skal fungera tilfredstillande som ei eiga eining.



## TEKNISK EINING

### ANSVARSRÅDE

Teknisk eining har ansvaret for saker etter plan- og bygningslova, kart- og oppmåling, miljø og landbrukssaker, eigedomsforvaltning, VVA og renovasjon, samt brann- og redningsvesen.

### MÅL

- Produsera best mogeleg tenester innan teknisk sektor – både for innbyggjarar og interne brukarar av tenestene.
- Skapa tryggleik for innbyggjarane
- God miljø og ressursforvaltning

### □ DELMÅL

- Halda eit høgt servicenivå
- Utvikla godt plangrunnlag for utviklinga av kommunen
- Levera gode avgjerdsgrunnlag for styrande organ
- God forvaltning av offentleg mynde
- Utvikla gode kontorrutinar, mellom anna med verksemdsplanlegging.

### MÅLOPPNÅING

Me manglar fortsatt verksemdsplan noko som me treng for å vurdere om me har nådd måla våre. I høve til dei generelle mål og delmål for kommunen og eininga, arbeider me med å kvalitetssikra rutinane våre for betre måloppnåing. Me har i 2002 kome vidare med dette arbeidet, og det vil verta vidareført i 2003. Eit satsingsområde vil vera informasjon.


## RESSURSAR



### Økonomiske ressursar

	Budsjett	Rekneskap
<b>1.16 Teknisk eining totalt</b>	12.132	12.522
1.1600 Admini/ plan	2.762	2.787
1.1601 VVA	1.751	1.834
1.1602 Bygn.avd	6.969	7.279
1.1603 Miljø- og landbruk	648	621

Av overskridingane på knapt 400.000 kroner, skuldast- Kr. 90.000 lønsover- skriding på VVA, og gjeld lønsauke og overtid på vassverk og brøytebered skap. Ca kr 300.000 er overskriding på byggavd. Det siste er fordelt om lag likt på lønsauke, drift og finanskostnader. Ca kr 80 000 skuldast ombyggingar på kommunehuset Samnangerheimen og ungdomsskulen. Når det gjeld overskridingane på finanskost- nadane, skuldast dette kr 100.000,- i større renteutgifter på Gjerde skule i høve til budsjettert sum.



Figuren viser fordeling av økonomiske ressursar mellom ansvarsområda

### Personellressursar

Stilling	Stillingsstorleik
Leiar teknisk eining	100 %
Merkantil stilling	80 %
Avdelingsingeniør	200 %
Miljø- og landbrukskonsulent	100 %
Arbeidsformann	200 %
Fagarbeidar	100 %
Vedlikehaldsarbeidar	100 %
Fagarbeidar + Feiar	50 % + 50 %
Innleigde personellressursar	
Jordbrukssjef	20% (våren)
Skogbrukskonsulent	25 % (våren)

Det er altså 9,8 årsverk i fast stilling ved eininga. Samarbeidet med Fusa om kjøp av jordbruks- og skogbrukstenester vart avslutta våren 2002. Desse tenestene har ikkje blitt erstatta. Oppgåvene er sidan løyst innanfor eigne personellressursar. Me har då kjøpt om lag 0,22 årsverk frå Fusa i 2002. I tillegg til dette har med kjøpt oppmålingstenester og ekstrahjelp tilsvarande ca 0,6 årsverk. Totalt har teknisk eining hatt ressursar tilsvarande ca 10,62 årsverk i 2002.

## PRODUSERTE TENESTER

### Ansvarsområde 1.1600 - administrasjon/ Planarbeid



#### Kommuneplanen og reguleringsplanar

Høyringsrundar/folkemøte i samband med oppstart av arbeidet med kommuneplanen er fullført. Dei første utkasta til arealplan er presentert for Naturutvalet.

Ingen reguleringsplan vart endeleg godkjent i 2002. To offentlege planframlegg vart lagt ut til 1. gongs offentlig ettersyn i året som gjekk. Ein offentlig og to private planar fekk oppstartsløve.

Bygging av vassverket vart fullført i 2002 og prøvedrift vart sett i gong like før årsskiftet. Rekneskapen vart avslutta og syner at totalkostnaden for ferdigstilling av vassverket vart 25,8 mill kr.

Arbeida med dei 10 første tomtane på Lønnebakken er starta opp. Fem tomtar er selde.

Administrasjonen i TE har avgjort 75 saker på delegasjon. Det er avgjort 32 saker vedrørende kommunale avgifter på delegasjon. TE har førebudd 55 saker for Naturutvalet.

## Oppmøding:

	2000	2001	2002
Mottekne	35	34	40
Ferdig	35	30	31
Restanse	0	4	9

Tabellen syner at talet på saker har auka i 2002. Det er liten restanse. Funksjonen går med overskot.

## Utgifter til *Feiing* (i heile tusen)

	2000	2001	2002
Driftsutg	211	162	162
Inntekter	119	122	105

Utgiftene til feiing er stabile. Nedgangen i inntekter skuldast at ei stor gruppe huseigarar ikkje fekk feid pipene sine som planlagt, og fekk fritak for avgifta. Det vil bli arbeidd med forbetringar i rutineane i samband med feiinga.



## Brann- og redningsteneste:

### Tal på utrykkingar

	2000	2001	2002
Utrykk.	7	10	22

Tendensen er sterkt aukande tal på utrykkingar.

Samanlikningane syner at personalressursane synest å vera normale. Fusa har meir personalressursar innan området. Samnanger har likevel markert større driftsutgifter. Forklaringa ligg i kravet til minimumsbemanning og vakthald. Samstundes har Samnanger forholdsvis fleire utrykkingar i høve til folketalet.

I 2002 vart det berre utført 1 brannsyn.

Nøkkeltal for brannvern – samanlikning med andre kommunar (Tala er frå 2001 sidan det ikkje ligg føre nyare statistikk)

	Kvam	Fusa	Samn.	Os
Årsverk funk. 338 pr. 1000 innbyggere	0,25	0,15	0,3	0,33
Andel A-objekter som har fått tilsyn	62,5	39,4	73,3	100
Andel piper feiet	100	89,5	57,8	57,4
Sum utrykkinger pr. 1000 innb	6,34	2,69	5,12	4,68
Netto driftsutg. til funk. 339 pr. innb.	368	369	407	362
Årsverk til funk. 339 pr. 1000 innb	0,05	0,15	0,04	0,02
Årsverk pr. 1000 innbyggere	0,17	0,15	0,17	0,23

## Ansvarsområde 1.1601 -

### Veg – vatn - avlaup

Det har i 2002 vore utført normalt vintervedlikehald på vegane. Nokre mindre prosjekt vart utført i 2002, mellom anna nytt kryss ved Samnangerheimen. I samband med bygging av nytt vassverk, vart ny gangveg på Haga bygt, og litt av Hagabakkane utvida og asfaltet.

Det har gått med ein del tid til opplæring i samband med drift av det nye reinseanlegget.

### Utgifter til vedlikehald: (i heile 1000)

	2001	2002
DU 1-2 andre utgifter	1.351	1.200
DU 0 løn inkl. sos. utg	955	1.184

Utgiftene til løn har auka med 24 %, medan vedlikehaldsmidlar er redusert med 12 %. Dette er ei uheldig utvikling.

Samanlikningar for utgifter til **samferdsel KOSTRA 2001** (Tala er frå 2001 sidan det ikkje ligg føre nyare statistikk)

	Bjerkr	Tysn.	Fusa	Samn	Masfj
	2001	2001	2001	2001	2001
Netto driftsutg pr. innb. i kr, i alt	662	872	518	812	660
gatebelysn. pr. km komm. vei	..	1070	10300	15813	9455
gatebelysn. pr. km fylkesv	..	667	10314	3762	..
komm veier i km pr. 1 000 innb.	28	20	20	9	38
Gang/sykelv i km /10 000 innb.	24	0	13	4	0
Lønnsutg /km komm. vei i alt	1897	12790	5000	19591	0

Dette er tala frå dei kommunane som KS meiner Samnanger kan samanlikna seg med. Me har gjennomgåande dei høgste utgiftene. Utgifter til veglys er eit område som bør undersøkjast.



### Ansvarsområde 1.1602 - Byggvedlikehald

Det har vore utført normalt vedlikehald i 2002. Kommunehuset (fullføring av sosialkontoret) og ungdomsskolen (hårverk) har fått økonomisk prioritet i 2002.

Utgifter til vedlikehald (i heile 1000)

	2001	2002
DU 1-2 andre driftsutgifter	3.041	2.397
DU 0 løn	477	732
DU	3.518	3.129

Forskyvinga frå driftsutgifter til løn mellom åra 2001 og 2002 skuldast at Samnanger kommune leigde vaktmeistertjenester frå Røde kors, og dette vart ført som driftsutgifter. Observasjonen er at driftsutgiftene til byggvedlikehald vart redusert med 11 % frå 2001 til 2002.

### Ansvarsområde 1.1603 - Miljø og landbruk



Konsesjonssaker:	17
Delingssaker:	15
Omdisponering	1
Fritak frå bu og/eller driveplikt	3
Sum	36

Det er i 2002 løyvd kr. 8500 til Midthordaland forsøksring. Det er vidare løyvd til saman kr 82.000 til vilt og fisketiltak frå vilt og fiskeforvaltningsfond (BKK): kr. 80.000,-  
Fellingsavgifter: kr 23.000

Godkjente søknadar om **produksjonstilskot** i jordbruket :

2000	2001	2002
54	52	30

Det er stor nedgong p.g.a. krav om ein omsetnad på minimum kr. 30.000,- pr. år.

*Andre tiltak:*

Det er med statlege midlar kalka 5 vatn i nedbørsfeltet til Frølandselva.

Det er sett ut 1000 aure i Samnangerfjorden i samband med eit prosjekt for å auka sjøaurestamma i Tysseelva.

Rådgjevande Biologar utførte ein tilstandsrapport i Storelvvassdraget i samband med krav om mistevassføring i vassdraget.



*Hjort:*

Tildelt fellingsløyver: 130  
dyr

Felte dyr: 87

dyr

Fellingsprosent: 67 %

Det var eit møte om organisering av hjortevald. 3 møte i vilt - og innlandsfiskeremda. 15 fekk godkjent jegerprøva

Bergen og omland friluftsråd slutførte arbeidet med arbeidet på Rolvsvågneset.

I samband med vedprosjekt vart det avhelde eit møte for grunneigarar om sal av ved.

Godkjente landbruksvegar: 4 stk.


*Registrert arbeid i skogen siste 3 år:*

Type arb.	2000	2001	2002
Planting/forynging	83 daa	42 daa	20 daa
Stell av ungsog	57 daa	17 daa	0
Hogst for sal	0	71 kubikk	15 kubikk
Ved	-	-	200 kubikk



## Eining for pleie- og omsorg

Eininga er den klart største i kommunen, både mått i tal tilsette og økonomisk ramme. Eininga fannar om mange område, og brukarane etterspør ulike type tenester. Ved sjukeheimen er det plass til 31 bebuarar etter at to av sjukeheimsplassane vart omgjort til bufellesskap for funksjonshemma. Ansvar for dei funksjonshemma er lagt til eininga, likeeins heimehjelp og heimesjukepleie og psykiatrisk sjukepleie.



I 2002 har ein del nøkkelpersonell vore sjukmelde. Dette har prega delar av arbeidet slik at me ikkje har kome så langt på ein del område so m me hadde planlagt. Ved hjelp av personell i administrasjons-sjefen sin stab vart det i 2001 lagt ned eit omfattande arbeid med utarbeiding av skriftlege rutinar. Oppfylging av dette har diverre ikkje vorte prioritert. Vidare har sjukdom gjort at me har kome kortare med ei planmessig tilrettelegging for dei funksjonshemma.

### Ressursinnsats

*Oversikt over utgifter og inntekter innan pleie- og omsorg i 2001 og 2002. ( tala i 1.000)*

Funksjon	2001		Budsjett 2002		Rekneskap 2002	
	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt
Sjukehiem	14 948	4 338	16 345	3 577	16 191	3 619
Open Omsorg	5 492	2 141	5 947	461	5 922	905
Dagsenter	283	0	345	0	331	0
Psykiatri	617	38	685	50	624	31
Dagtilbod funksj.	0	0	1 597	264	1 632	383
Buf. Haga	0	0	1 176	576	1 212	592
Buf. Reistad	0	0	1 373	632	1 446	673
<b>SUM</b>	<b>21 340</b>	<b>6 517</b>	<b>27 468</b>	<b>5560</b>	<b>27 358</b>	<b>6203</b>

Som tabellen viser har det vore god budsjett disiplin i eininga. Det er ein del meirforbruk i tiltak rundt dei funksjonshemma. Delar av dette måforklarast med at tiltaka er nyleg st arta opp, og det var derfor vanskeleg å budsjettera riktig.

Det ligg no føre statistikk der me kan samanlikna kostnaden for tenesteproduksjonen i pleie- og omsorg i kommunen vår med tilsvarende frå andre kommunar.

*Netto driftsutgifter brukt i pleie- og omsorg målt i høve til ulike grupper*

	Samnanger	Hordaland	Gruppe 2	Landet
pr. innbyggjar	9.281	9.477	10.707	8.797
Utgifter i PLO i % av netto utg. i alt	30,8	36,5	35,7	34,3
pr. innb. over 80 år	145.752	216.654	184.026	200.101
pr. innb. over 67 år	57.452	74.352	64.471	66.244
Årsverk pr. brukar	0,4	0,5	0,4	0,4
Lønsutg. pr. årsverk	372.062	366.490	394.898	409.480

Statistikken viser at me nyttar ein mindre del av budsjettet til tenestene innan pleie- og omsorg enn dei me her samanliknar oss med. Det kan sjøvsagt ha samanheng med kva brukarar me har, men når me og ser på dei andre tala i tabellen ser me at me har vesentleg mindre utgifter pr. innbyggjar i dei aldersklassene som Pleie- og omsorgs-eininga har dei fleste brukarane. Ei forklaring kan vera at me driv kostnads-effektiv, ei anna kan vera at det er mange i dei aktuelle årsklassane som ikkje mottek tenester frå eininga. Oversikten over personellressursar pr. brukar kan støpp under den siste forklaringa. Me ser at her ligg me på same nivå som snittet av kommunane, og lønsutgifter pr. årsverk er heller ikkje på lågaste nivå

*Årsverk dei fire siste åra:*

Årsverk	1999	2000	2001	2002
Samnangerheimen	33	33	33	31,57
Open omsorg	12,5	12,5	14,5	14,8
Dag-avdeling	1,00	1,00	1,00	1,0
Psykiatri	1,50	1,50	1,50	1,5
Pleie/ omsorgleiar	1,00	1,00	1,00	1,0
Funksjonshemma			5,3*	9,16

\*1,80 er sovande nattevakt

Reduksjonen i tal tilsette på sjukeheimen vart gjort som fylgje av privatisering av vaskeritene, omlegging av turnusen på kjøkkenet og reduksjon i tal sjukeheimsplassar.

**Sjukefråvæ**

Eininga har framleis eit høgt sjukefråvæ. Dette er det fleire årsaker til. Omsorgsyrket er eit utfordrande yrke. Både fysisk og psykisk.

*Tabell: Sjukefråvæ i % fordelt på arbeidsplassane*

	2001	2002
Funksjonshemma	12,7	43,0
Samnangerheimen	12,2	9,1
Heimesjukepleien	3,4	9,4
Heimehjelp	4,3	15,8
Psykiatri	0	3,5
Bukollektiv Reistad		6,2
Bukollektiv Haga		10,8

Det er gledeleg at sjukefråværet har gått ned på sjukeheimen, men det er all grunn til å sjå ånære på open omsorg der det er ein sterk auke både i heimesjukepleien og i heimehjelpstenesta. Mykje av fråværet skuldast her som også for funksjonshemma og bukollektiv Haga langtidssjukefråvæ hjå einskildpersonar som ikkje nødvendigvis har samanheng med tilhøva på arbeidsplassen.

Arbeidsgruppa som vart sett ned ved Samnangerheimen i 2001 for å arbeida for redusert sjukefråvæ, har også hatt møte i 2002 utan at det har kome konkrete framlegg til tiltak.

**Må**

Eit av hovudmåla er å leggja tilhøva til rette slik at eldre og andre skal kunna bu lengst mogleg i eigen heim.

Dette kan skje ved å få til ei heilskapleg og fleksibel pleie- og omsorgsteneste som sikrar eit godt tenestetilbod til alle uavhengig av alder.

## Brukarundersøking

Hausten 2002 vart det gjennomført brukarundersøking mellom bebuarane på sjukeheimen og deira pårørande og blant dei som mottok teneste i heimen. Samnanger har delteke i eit effektiviseringsnettverk saman med ein del andre kommunar, og det er i den samanheng at brukarundersøkingane vart gjennomført. Det er og desse kommunane me samanlikna oss med. Funna frå undersøkingane vert presentert under dei einskilde funksjonane.

## Oppsummering

Me ser at utfordringane aukar i eininga. Det er fleire som treng hjelp, kravet til kompetanse hjå dei som yter hjelp aukar. For at personellet vårt skal kunna gjera ein god jobb, treng dei oppdatering via kurs, rettleiing o.a.. Me ser det som svært viktig å ha god kvalitet på teneste våre. Individuelle planar har me kome til kort med og dette er noko me må prioritera.



## FUNKSJONSHEMMA

Bufellesskapet på Reistad viser seg å fungera bra, sjølv om me pga. sjukdom ikkje har kome så langt i utvikling av tenestene som me ønskjer. Det skortar m.a. på fagleg oppfylgning av personalet, noko som vert teke fatt i år.

I august var lokala på Samnangerheimen tilrettelagd som eit bufellesskap for to funksjonshemma. Ordninga ser ut til å fungera bra, men det vert gitt tilbakemelding om at bemanninga er i knappaste laget. Inntil vidare får desse to i det alt vesentlege av dagtilbodet sitt i bufellesskapet. Kommunen kjøper 3 heile plassar hjå ASVO bedrifter. 4 personar nyttar plassane.

Arbeidet med å skaffa støttekontakt til funksjonshemma har vorte prioritert sidan me her hadde ein del uløyste oppg. å ver. Det har resultert i dei fleste har fått eit bra tilbod.

## Dagsenter for heimebuande eldre i Samnanger kommune.

Dagsenteret vart frå mars utvida frå to til tre dagar, og er no ope mandag, tysdag og torsdag frå 09.30 – 14.30. Det er oppretta 75% stilling fordelt på to personar.

Tilbod	2001	2002
Kvar 14. de dag	16	14
1 dag pr. veke	7	11
2 dagar pr. veke	5	4
Til saman	28	29

Utvidinga skjedde utan auke i ressursane. Dei to tilsette er kvar sin dag på dagsenteret i lag med ein frivillig medhjelpar. Brukarane må vera ganske sjølvhjelpne desse dagane. Den tredje dagen har dei 2 tilsette dagsenteret i lag. Denne dagen er brukarane meir hjelpetrengande. Me nyttar difor handikap bilen til transport denne dagen. Nokre av brukarane får tilbod om hjelp av heimesjukepleien om morgonen. Dette arbeidet vert no utført av dagsenterpersonellet, og det er denne samordninga som har gjort at det utvida tilbodet har vore mogleg innan den økonomiske ramma. Ved å utvida tal dagar har det vore mogleg å skilja dei de mente og åndsfriske brukarane, noko som igjen gjer at tilbodet vert betre tilpassa den einskilde.

Dagsenteret har også i 2002 hatt 2 felles - arrangement for alle brukarane i lag *Tur* på forsommaren. *Førjulsfest* i desember. Dagsenteret arrangerte felles utflukt med Samnangerheimen 1 oktober. I Bergen deltok me på markering av eldredagen 2002.

Dagsenteret har fortsatt 9 frivillige medhjelpere, dei fleste er frå Røde kors besøksteneste, + 4 sjåførar. Det er problem med å få nok sjåførar, slik at personell i heimesjukepleien har måtte hjelpt til.

Frå KOSTRA henter vi fylgjande statistikk over aktivisering av eldre og funksjonshemma.

Det er teke utgangspunkt i netto driftsutgifter

	Samnanger	Hor-daland	Gruppe 2	Landet
pr. innbyggjar	696	530	350	518
pr. innb. over 67	4.307	4.157	2.108	3.909

Tabellen viser at me er aktive på dette område. Me meiner sjølv at me burde legge til rette for enda fleire tiltak som aktiviserar eldre og funksjonshemma, men slik økonomien vår er må det skje ved hjelp av frivillige – einskildpersonar eller lag og organisasjonar.



## SAMNANGERHEIMEN

I 2002 vart tal sjukeheimplassar redusert med 2. To rom med tilknytning til ei stove er skilt ut fra Samnangerheimen og vert no nytta til bukollektiv for funksjonshemma. Ein konsekvens av dette er at dei som bur på sjukeheimen har mindre fellesareal, og det er mange som skal dela på ei stove ved måltid. Dette har også ført til at det er mindre moglegheit til å bruka denne stova til andre aktivitetar. Vi må arbeide fremover for at dette igjen kan nyttast som sjukeheimplassar. Det har vi stort behov for.

### Økonomi

Rekneskapet viser at det er brukt mindre pengar enn tildelt ressurs. I løpet av året har eininga fått tildelt tillegssløyvingar, m.a. til dekking av pensjonsutgifter, og her

vart kostnaden 140.000 kroner mindre enn forventa og reduserte soleis i eit "overskot" på funksjonen.

Netto lønsutgifter på Samnangerheimen auka med knapt 10 %, sjølv om me har redusert tal sjukeheimplassar og redusert bemanninga ved vaskeriet etter at delar av denne tenesta vert kjøpt inn frå private.

### Samanlikning med andre.

	Samnanger	Hor-daland	Gruppe 2	Landet
Brutto driftsutg. pr. plass	526.774	595.125	560.699	581.665
Lønsutgifter pr. plass	447.839	464.220	452.784	459.242
Bebuarar pr. årsverk	0,9	0,9	0,9	1,0
Brukarar med fast plass	93,5%	86,7%	86,1%	83,5%
Brukarar med korttidsplass	6,5%	13,3%	13,9%	16,5%
Brukarbetaling i høve til brutto driftsutgifter	14,1%	18,4%	13,4%	14,6%
Andel einerom	80,6%	73,3%	84,0%	80,5%

Tabellen viser ikkje dei store skilnadane, når det gjeld ressursbruk. Der me ser det største avviket er til høve mellom faste plassar og korttidsplassar. Mange kommunar har kome ein del lengre enn oss i arbeidet med rehabilitering. I den samanheng vil det ofte vera bruk for korttidsplassar på sjukeheim i treningsperioden.



## Oversikt over brukarane

### Dekningsgrad samanlikna med andre

	Samnanger	Hor-daland	Gruppe 2	Landet
Andel bebuarar på inst. Under 67 år	0	5,2	3,5	6,9
Andel innb. 67 år og over som bur på institusjon	8,2	6,8	6,7	6,2
Andel innb. over 80 år som bur på institusjon	18,8	15,6	14,8	14,6
Andel innb. over 90 år som bur på inst.	58,3	38,5	34,9	35,0

Samnanger kommune peikar seg klarast ut i høve til kor stor del av dei eldste innbyggjarane som bur på sjukeheimen. Tabellen viser og at me har ein svært god dekningsgrad samanlikna med andre

kommunar. Det burde derfor vera mogleg å halda oppe eit visst tal korttidsplassar.

#### Tal heildøgnsbebuarar fordelt på alder

Alder:	1998	1999	2000	2001	2002
18 – 49 år	2	3	3	2	0
50 – 66 år	1	0	0	0	0
67 – 74 år	3	2	2	2	2
75 – 79 år	6	3	3	3	2
80 – 84 år	8	10	8	7	7
85 – 89 år	9	7	6	9	7
90 år -	5	8	11	10	13
<b>I alt:</b>	<b>34</b>	<b>33</b>	<b>33</b>	<b>33</b>	<b>31</b>

Oversikten viser at gjennomsnittalderen for dei med fast plass aukar.

#### Opphald på Samnangerheimen fordelt mellom fast plass og avlastningsplass.

	2000	2001	2002
Avlastningsopphald	54	30	77
Fast plass	7	3	9

Som tabellen viser har tilhøva vore betre i 2002 enn året før, men trongen for avlastnings-plassar/korttidsplassar er større enn dei plassane me til ein kvar tid klarar å frigjera. Dette medfører eit stort press i open omsorg og på dei pårørande. Det er mange fleire som skulle hatt avlastning eller fått tilbod om fast plass. I 2002 har me hatt overbelegg i periodar, ofte i samband med utskrivning frå sjukehus.

#### Brukarundersøking

Saman med KS (kommunenes sentralforbund) gjennomførte me sist haust ein brukarundersøking blant bebuarane på sjukeheimen og deira pårørande. Sjølv om det kan vera mange feilkilder i slik informasjon, gir den oss ein del nyttig kunnskap.

#### Brukartilfredsheit målt i %

	Bjerkreim	Samnanger	Fusa	Tysnes	snitt
Resultat for brukar	79,4	76,1	92,4	89,1	84,2
Trivnad	83,3	78,2	95,7	91,8	87,3
Brukarmedverknad	81,7	70,0	84,2	91,6	81,9
Respektfull handsaming	80,6	79,4	92,2	99,7	88,0
Tilgjenge	91,7	62,0	91,0	91,0	83,9
Pålitelegheit	88,6	75,4	90,2	95,7	87,5
Informasjon	74,2	67,9	81,7	67,1	72,7
Generelt	77,5	94,3	90,0	90,8	88,2
<b>Sum totalt</b>	<b>82,1</b>	<b>75,4</b>	<b>89,7</b>	<b>89,6</b>	<b>84,2</b>

Samanlikninga med dei andre kommunane viser at me kan ikkje vera nøgd med tilbodet vårt. Dårlegaste scoren er på tilgjenge der spørsmåla gjekk på ventetid på å få plass på sjukeheimen.

#### Brukarvurdering, dei pårørande sine svar

	Bjerkreim	Samnanger	Fusa	Tysnes	snitt
Resultat for brukar	83,2	63,1	86,7	80,1	78,3
Trivnad	81,1	72,9	83,8	76,3	78,5
Brukarmedverknad	75,0	47,5	74,4	71,1	67,0
Respektfull handsaming	78,1	75,2	92,8	81,9	82,0
Tilgjenge	76,0	39,2	66,3	71,1	63,1
Pålitelegheit	81,1	70,2	89,8	81,0	80,5
Informasjon	76,7	58,2	68,5	76,8	70,1
Generelt	86,7	68,6	90,6	86,7	83,1
<b>Sum totalt</b>	<b>79,7</b>	<b>61,9</b>	<b>81,6</b>	<b>78,1</b>	<b>75,3</b>

Den same tendensen som for brukarane ser me også her. Gjennomgåande er dei pårørande meir kritiske til det tilbodet me gir. Det er all grunn til å gripa fatt i ein del av dei utfordringane som ligg i desse resultatane. Også dei pårørande er misnøgd med tilgjengelegheit og brukarmedverknad.

#### Vaskeritenester

For å spare pengar vedtok kommunestyret vedtok å kjøpa vaskeritenester frå privat firma. Vedtaket innebar omplassering av to tilsette, noko som vart gjort internt på sjukeheimen. Ordninga kom i gang noko seinare enn føresett. Det vil verta lagt fram ei evaluering etter eit års drift. Denne vil verta lagt fram for kommunestyret i juni 03. Dette vert derfor ikkje kommentert ytterlegare i årsmeldinga.



## OPEN OMSORG.

Under open omsorg sorterer heimehjelp og heimesjukepleien. Det er relativt stabil bemanning, og sjukepleiardekninga er

bra. Behovet for hjelp av heimesjukepleien aukar, og heimehjelparane har etter kvart vorte trekt meir inn i dette arbeidet. Det har resultert i at fleire av heimehjelparane har fått utvida tilsetningstilhøve sitt til også omfatta helgearbeid.

Presset på open omsorg aukar når det er få tilgjengelege avlastningsplassar slik tilfelle var i store delar av 2002. Eininga uroa seg over kvaliteten på tenestene, og ønskjer at dette vert sett under debatt.

*Oversikt over kor stor del av innbyggjarane i ulike aldersgrupper som mottek hjelp i heimen.(%).*

	Samnanger	Hordaland	Gruppe 2	Landet
Under 67 år	1,17	1,0	1,15	1,1
Over 67 år	23,0	20,0	21,9	19,9
Over 80 år	40,3	38,4	40,6	38,5
Over 90 år	41,7	48,8	52,2	52,0
Andel brukarar både med praktisk hjelp og heimesjukepleie	37,3	34,0	42,1	36,2

Tabellen viser at me har færre innbyggjarar over 90 år som får teneste frå open omsorg. Det har nok si forklaring i at ein relativt stor del av dei bur på sjukeheimen. Legg me desse to saman, får mest alle over 90 år anten hjelp på sjukeheimen eller i heimane sine.

*Oversikt over aktiviteten målt i høve til brukarar*

Heimesjukepleien vår	43 dag / 18 kveld
Heimesjukepleien haust	47 dag / 22 kveld
Heimehjelp vår halvåret	17
Heimehjelp haust halvåret	16
Heimesjukepleien:	84

Heimehjelp:	78
Innskrivne brukarar:	11 heimehj./ 31 heimesj.
Utskrivne brukarar:	19 heimehj./ 27 heimesj. har besøk opp til 4 x pr.dag
Hørselsoppdrag :	35 heimebesøk/ 50 telefon
Inn/utlevering Hjelpemidlar	185
Trygghetsalarm:	Innskrivne 8 / utskrivne 5
Tal uttrykkingar: juni –des.	Dag: 18 / kveld: 14/ natt: 8
Andre oppdrag:	20

Det er stort sett tilsette i open omsorg som står for matombringinga. Det vert levert stadig fleire middagar ut til dei heimebuande, og det tek venteleg ein god del av tida til personellet. Med det omfanget som er i dag er det ikkje alltid mogleg å kombinera det med anna oppdrag. Det har vore arbeidd for å få andre, t.d. frivillige til å ta på seg noko av dette arbeidet, men så langt har me ikkje lukkast.

### Middagsombringing:

	1998	1999	2000	2001	2002
Tal middagar	1925	1862	2300	3650	6331

Inkludert i tala dei 3 siste åra er middag som vert servert på dagsenteret.

Aldersfordeling av brukare av open omsorg:

Alder	Heimehjelp	Heimesjukepleie	Tal
18-49	4	7	11
50-66	3	8	11
67-74	8	7	15
75-79	13	13	26
80-84	26	18	44
85-89	19	20	39
90år +	5	7	12
sum	<b>78</b>	<b>80</b>	<b>158</b>

Det er ei relativt stor spreiding av alderen på brukarane, men med klar overvekt på dei over 75 år. Samanlikning med andre viser at me har ein større eigenbetalingsprosent enn dei andre, noko som kanskje kan forklarast med at me tross alt har ein del personar som ikkje er pensjonistar og at dei då gjerne har meir enn minstepensjon.

## Økonomiske nøkkeltal

### Kostnader i heimetenestene. Korrigerte brutto driftsutgifter

	Samnanger	Hordaland	Gruppe 2	Landet
Pr. brukar	72.382	117.873	108.739	117.952
Brukarar pr. års verk	5,2	4,0	3,8	3,9
Brukarbetaling heimhjelp i %	3,1	1,9	3,2	2,0

Delar av forklaringa på at me har eit lågt kostnadsnivå samanlikna med dei andre finn me i den måten me ytar tenester på. Relativt mange av dei som får teneste i heimen har fått innvilga fåtimar. Ein god sjukeheimsdekking gir slike utslag.

### Brukarundersøking

	Bjerkreim	Samnanger	Fusa	Tysnes	snitt
Resultat for brukar	88,1	89,2	86,3	90,9	88,6
Brukarmedverknad	70,3	75,1	72,2	75,4	73,3
Respektfull handsaming	85,4	91,3	90,8	93,6	90,3
Tilgjengelegheit	83,7	82,1	84,1	88,3	84,6
Pålitelegheit	81,1	70,2	89,8	81,0	80,5
Informasjon	68,8	76,9	68,5	82,2	77,7
Samordning	80,9	85,0	85,2	86,4	84,4
Generelt	83,3	89,4	87,6	92,5	88,2
<b>Sum totalt</b>	<b>80,2</b>	<b>85,3</b>	<b>83,3</b>	<b>87,1</b>	<b>84,0</b>

Bukarane våre av tenestene til open omsorg er gjennomgåande godt nøgde. Det er likevel grunn til å merkja seg og arbeida vidare med informasjon. Ein del av tilbakemeldingane på brukarmedverknad og pålitelegheit kan og rettast på med betre informasjon.



### AVD. for PSYKIATRI

Personell: Psykiatrisk sjukepleiar 100% og

Psykiatrisk hjelpepleiar 50%


Omlag 20-25 brukarar har nytta tenester innan dette området. Enkelte av dei får også tenester frå heimesjukepleien.

Mesteparten av arbeidstida er lagt opp som direkte pasientretta arbeid, med m.a. heimebesøk. Enkelte brukarar har kjem til kontoret etter avtale. I tillegg har mange konsultasjonar/kontaktar gått føre seg pr telefon.

Psykiatrisk dagsenter er ope 1 gang pr veke. Tal brukarar her har vore 4-6. Ein del eldre brukarar har gått på dagsenteret for eldre.

Tal heimebesøk: 1242  
Tal tlf. pas./ lege m.m. ang.pas: 1120  
møte samarbeidspartnarar: 72

Som koordinator for psykiatritenesta møter Psykiatrisk sjukepleiar på fylkeslegen sine faste samlingar.




### SOSIALE TENESTER

Talet klientar som mottek sosialhjelp er redusert frå 3,5% til

1,9% av alle 20-66 åringane i Samnanger. Dei siste fire åra har det vore lag 60 brukarar, medan det no er 25. Sosialtenesta sine nettoutgifter utgjer om lag 5,1% av kommunen sine samla utgifter. Dette er på nivå med landsgjennomsnittet, medan Hordaland sitt snitt ligg på 7% og andre kommunar 3,2%.

Samnanger har ei vesentleg høgare nettoutgift til sosiale tenester pr. innbyggjar i aldersgruppa 20-66 år enn kommunane i gruppe 2. Me har utgifter om lag på landsnivået i 2002, medan Hordaland har hatt ei vesentleg auke i 2002 og "gått forbi" Samnanger.

Netto driftsutg. sosialtenesta pr. innb 20-66 år




Sosialkontoret flytta i egne lokale våren 2002 og fekk ekstraløyving til å etablere nytt datasystem; SOSIO 2000, til kr. 130.000,- . Programmet har ført til ein betre kontroll og kvalitet, samt meir effektiv handsaminga av søknader om sosialhjelp.

Sosialtenesta sine utgifter kan delast inn i følgjande hovudområde:

- Råd, rettleiing og sosial førebyggjande arbeid
- Økonomisk sosialhjelp
- Tilbod til personar med rusproblem
- Kommunale sysselsettingstiltak

I figuren nedanfor går det fram fordelinga av utgiftene på dei ulike områda.

Andel netto driftsutgifter fordelt på ulike område i sosialtenesta



Utgiftene til datautstyr kjem fram under rettleiing og aukar desse opp i 2002. Bemanninga ligg om lag som Hordaland

og landsgjennomsnittet. Sosialtenesta har i 2002 bistått ein del brukarar med søknader om trygdeytningar. Økonomisk sosialhjelp er redusert noko frå førre året, og ligg no på nivå med samanliknings - kommunane. I 2002 har kommunen gjeve fleire personar tilbod om rusomsorg Noko som vil verte viktig og dei neste åra. Den kommunale sysselsettinga er sommerjobb-tilbodet til ungdom. Utbetalinga av sosialhjelp får kvar brukar i Samnanger ca kr. 68.000,-, medan landsgjennomsnittet er kr. 31.000 og samanlikningskommunane kr. 20.000,-. Grunnen til den høge utbetalinga kan vere flyktningane sin økonomiske stønad, som og kjem med her. Medan statstilskotet til dette føremålet er inntektsført under finans. 40% av sosialhjelpsmottakarane har sosialhjelp som hovudinntekt, som er om lag som snittet i Hordaland. Medan landsgjennomsnittet er 44% og andre kommar 32%. Sosialtenesta er i gang med å vurdere brukarar som kan til i "arbeid for sosialtrygd".